

Møteinnkalling

Utval:	Styret for Fagskulen Vestland
Møtestad:	Nettmøte
Dato:	27.02.2026
Tid:	Kl. 09:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet blir meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melde forfall, blir dei bedne om å gjere dette snarast til Ingrid.Fagerheim.Settem@vlfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskulen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Program

Kl. 09:00 Informasjon til styret

Kl. 09:30 Sakshandsaming

Oddmund Klakegg

Styreleiar

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
GK 01/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 02/26	Godkjenning av møteprotokoll frå 02.12.2025	2022/486	

Referatsaker

RS 01/26	Rom- og funksjonsprogram Måløy	2022/486
RS 02/26	Nye studieplassar - Fagskulen Vestland	2022/486

Vedtakssaker

VS 01/26	Akkreditering av ny utdanning: «Teamleing i helsetenesta»	2022/486
VS 02/26	Akkreditering av ny utdanning: «Solenergi, lagring og nettintegrasjon»	2022/486

Eventuelt

Møteprotokoll

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	Fagskolen Vestland - studiestad Nygård Odd Frantzens plass 6, 5008 Bergen
Dato:	02.12.2025
Tid:	Kl. 09:20 – 11:10

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Leiar	Eigar (Sp)
Karianne Alette Torvanger	Nestleiar	Eigar (Ap)
Tora Hodneland Kildehaug	Medlem	Eigar (H)
Gustav Bahun	Medlem	Eigar (FrP)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)
Bjørn Lyngedal	Medlem	Eigar (Adm.)
Nils Petter Støyyva	Medlem	Arbeidsliv (LO)
Leon Gaebpie Jensen	Medlem	Studentar

Følgjande faste medlemmer melde forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Helene Frihammer	Medlem	Arbeidsliv (NHO)
Trond Vedvik	Medlem	Tilsette

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Vara for	Representerer
Viggo Leikanger	Vedvik	Tilsette

Merknader

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Rektor
Eilert Årseth	Prorektor for utdanning
Hege Aarethun	Administrasjonsleiar
Hege Fjeld	Seniorrådgjevar
Ingrid Fagerheim Sættem	Rådgjevar/møtesekretær

Følgjande frå administrasjonen møtte ikkje:

Namn	Stilling
Adeline Berntsen Landro	Prorektor for organisasjon og samhandling

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
GK 14/25	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 15/25	Godkjenning av møteprotokoll frå 24.10.2025	2022/486	

Referatsaker

RS 13/25	Utdanningskvalitetsprisen 2025	2022/486	
RS 14/25	Status for arbeid med synlegheit, nettsider og marknadsføring	2022/486	
RS 15/25	Besøk til Fagskolen Oslo	2022/486	

Vedtakssaker

VS 24/25	Søknad om utviklingsmidlar 2026	2022/486	X
VS 25/25	Kvalitetsmelding for skuleåret 2024/25	2022/486	
VS 26/25	Møteplan for 2026	2022/486	
VS 27/25	Ny arbeidstidsavtale for Fagskulen Vestland	2022/486	
VS 28/25	Studietilbod i Handverksysting 26/27	2022/486	
VS 29/25	Overtaking av labutstyr frå Campus Verftet	2022/486	
VS 30/25	Endring av namn på utdanningar	2022/486	
VS 31/25	Akkreditering av utdanning: Energieffektivisering og automasjon i bygg	2022/486	

Eventuelt

Godkjenningssaker

GK 14/25 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 02.12.2025

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 15/25 Godkjenning av møteprotokoll frå 24.10.2025

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 02.12.2025

Møteprotokollen vart godkjent utan merknader.

Habilitet

Styremedlem **Bård Sandal** stilte spørsmål om han var inhabil i sak VS 29/25 Overtaking av labutstyr frå Campus Verftet, fordi han er styremedlem i Campus Førde Verftet AS. Styret for Fagskulen Vestland vedtok samrøystes at Sandal var inhabil, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e nr. 2.

Sandal gjekk frå under behandlinga av saka.

Referatsaker

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 02.12.2025

Styret for Fagskulen Vestland tok referatsakene til orientering.

Vedtakssaker

VS 24/25 Søknad om utviklingsmidlar 2026

Forslag til vedtak

1. Fagskulen Vestland kan søke HK-dir om utviklingsmidlar for høgare yrkesfagleg utdanning i 2026 til følgjande rangerte prosjekter:

Pri	Prosjekt	Total kostnad	Sum søknad HK-dir	Eigen/med-finans
1	Pedagogisk plattform for Fagskulen Vestland	5 450 000	4 360 000	1 090 000
2	Droneoperatør	1 390 000	973 000	417 000
3	Simuleringslab for helsefag	3 500 000	2 450 000	1 050 000
4	GMDSS/GOC Undervisningsopplegg	700 000	490 000	210 000
5	Trefase separator	2 675 000	1 872 500	802 500
6	Program for studentmobilitet	2 500 000	1 750 000	750 000
7	Høgspentsimulator	1 380 000	966 000	414 000
8	Rettleiing til lærlingerettleiarar	495 000	346 500	148 500
9	Kompetanseheving av maritime lærarar	750 000	525 000	225 000
	SUM, kr	18 840 000	13 733 000	5 107 000

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 02.12.2025

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fagskulen Vestland kan søke HK-dir om utviklingsmidlar for høgare yrkesfagleg utdanning i 2026 til følgjande rangerte prosjekter:

Pri	Prosjekt	Total kostnad	Sum søknad HK-dir	Eigen/med-finans
1	Pedagogisk plattform for Fagskulen Vestland	5 450 000	4 360 000	1 090 000
2	Droneoperatør	1 390 000	973 000	417 000
3	Simuleringslab for helsefag	3 500 000	2 450 000	1 050 000
4	GMDSS/GOC Undervisningsopplegg	700 000	490 000	210 000
5	Trefase separator	2 675 000	1 872 500	802 500
6	Program for studentmobilitet	2 500 000	1 750 000	750 000
7	Høgspentsimulator	1 380 000	966 000	414 000
8	Rettleiing til lærlingerettleiarar	495 000	346 500	148 500
9	Kompetanseheving av maritime lærarar	750 000	525 000	225 000
	SUM, kr	18 840 000	13 733 000	5 107 000

VS 25/25 Kvalitetsmelding for skuleåret 2024/25

Forslag til vedtak

1. Styret tek Kvalitetsmeldinga for skuleåret 2024/25 til orientering og vedtek følgjande målsetting (Objective Key Results) for 2026:

OKR

1. Fagskulen Vestland skal auke søkjartala med 10%
2. Organisering av studieprogrammet skal ha ein skåre over landsgjennomsnittet
3. Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformar skal ha ein skåre over landsgjennomsnittet i studiebarometeret
4. Sikre at studentane sine innspel og forbetringar vert følgt opp. Dette skal ha ein skåre over 4,0 i studiebarometeret
5. Auke studiepoengs produksjonen med 5%

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 02.12.2025

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret tek Kvalitetsmeldinga for skuleåret 2024/25 til orientering og vedtek følgjande målsetting (Objective Key Results) for 2026:

OKR

1. Fagskulen Vestland skal auke søkjartala med 10%
2. Organisering av studieprogrammet skal ha ein skåre over landsgjennomsnittet
3. Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformar skal ha ein skåre over landsgjennomsnittet i studiebarometeret
4. Sikre at studentane sine innspel og forbetringar vert følgt opp. Dette skal ha ein skåre over 4,0 i studiebarometeret
5. Auke studiepoengs produksjonen med 5%

VS 26/25 Møteplan for 2026

Forslag til vedtak

1. Møteplan for 2026 vert vedteke som følgjer:

Tidspunkt	Stad
27. februar	Digitalt
23. april	Stord
12. juni	Digitalt
20. august	Hjeltnes
23. oktober	Digitalt
3. desember	Nordnes

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 02.12.2025

Styret bad administrasjonen om å finne nye møtedatoar for dei fysiske styremøta i 2026. Administrasjonen sette fram følgjande forslag til nye møtedatoar:

- Måndag 27. april (opphaveleg torsdag 23. april)
- Onsdag 19. august (opphaveleg torsdag 20. august)
- Onsdag 2. desember (opphaveleg torsdag 3. desember)

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak, med nye møtedatoar i april, august og desember, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Møteplan for 2026 vert vedteke som følgjer:

Tidspunkt	Stad
27. februar	Digitalt
27. april	Stord
12. juni	Digitalt
19. august	Hjeltnes
23. oktober	Digitalt
2. desember	Nordnes

VS 27/25 Ny arbeidstidsavtale for Fagskulen Vestland

Forslag til vedtak

1. Styret i Fagskulen Vestland tek den nye arbeidstidsavtala til vitande
2. Styret i Fagskulen Vestland oppmodar til ei godt og tillitsbasert partssamarbeid når avtala skal implementerast.

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 02.12.2025

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret i Fagskulen Vestland tek den nye arbeidstidsavtala til vitande
2. Styret i Fagskulen Vestland oppmodar til ei godt og tillitsbasert partssamarbeid når avtala skal implementerast.

VS 28/25 Studietilbud i Handverksysting 26/27

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland vedteke å starte opp utdanningstilbudet «Handverksysting» 2026/27, under føresetnad av at fagskulen får ekstern finansiering og at det er minst 15 søkarar til tilbodet.

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 02.12.2025

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland vedteke å starte opp utdanningstilbudet «Handverksysting» 2026/27, under føresetnad av at fagskulen får ekstern finansiering og at det er minst 15 søkarar til tilbodet.

VS 29/25 Overtaking av labutstyr frå Campus Verftet

Forslag til vedtak

1. Fagskulestyret tilrår at det blir framforhandla ein leige- og samarbeidsavtale med Høgskulen på Vestlandet som sikrar begge partar tilgang til labutstyr og areal. Avtalen skal forplikte HVL til å bruke laben aktivt og ha eit fast økonomisk bidrag.
2. Styret tilrår at Vestland fylkeskommune dekker husleigekostnaden for fagskulen i ein periode på tre (3) år. Det skal gjennomførast ei evaluering etter tre år for å vurdere vidareføring.
3. Bidraget frå Høgskulen på Vestlandet skal nyttast vesentleg til prosjektutvikling, særleg i dei første åra, for å styrke samarbeidet og utvikle nye tiltak.

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 02.12.2025

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fagskulestyret tilrår at det blir framforhandla ein leige- og samarbeidsavtale med Høgskulen på Vestlandet som sikrar begge partar tilgang til labutstyr og areal. Avtalen skal forplikte HVL til å bruke laben aktivt og ha eit fast økonomisk bidrag.
2. Styret tilrår at Vestland fylkeskommune dekker husleigekostnaden for fagskulen i ein periode på tre (3) år. Det skal gjennomførast ei evaluering etter tre år for å vurdere vidareføring.
3. Bidraget frå Høgskulen på Vestlandet skal nyttast vesentleg til prosjektutvikling, særleg i dei første åra, for å styrke samarbeidet og utvikle nye tiltak.

VS 30/25 Endring av namn på utdanningar

Forslag til vedtak

1. Styret vedtek å endre namn på ein utdanning:

Opphavsleg namn	Nytt namn	Studiestad
KEM – Klima, Energi og Miljø	VVS og energiteknikk	Førde

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 02.12.2025

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret vedtek å endre namn på ein utdanning:

Opphavsleg namn	Nytt namn	Studiestad
KEM – Klima, Energi og Miljø	VVS og energiteknikk	Førde

VS 31/25 Akkreditering av ny utdanning: Energieffektivisering og automasjon i bygg

Forslag til vedtak

1. Styret vedtek å akkreditere utdanninga Energieffektivisering og automasjon i bygg (40 studiepoeng).
2. Utdanninga vert akkreditert som nettbasert utdanning med samlingar.
3. Utdanninga vert akkreditert med studiestad Førde.

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 02.12.2025

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret vedtek å akkreditere utdanninga Energieffektivisering og automasjon i bygg (40 studiepoeng).
2. Utdanninga vert akkreditert som nettbasert utdanning med samlingar.
3. Utdanninga vert akkreditert med studiestad Førde.

Saksnr:	2022/486-250
Saksbehandlar	Torbjørn Mjelstad
Dato:	19.02.2026

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Rom- og funksjonsprogram Måløy

I samband med sak om ombygging og rom og funksjonsprogram for Fagskulen sine fasilitetar i Måløy, har Fagskulen kome med innspel til saka. Saka er meint å behandlast i Fylkestinget 24 og 25 mars. Verken Fagskulen eller Fagskulestyret er kjent med korleis saka endeleg vert sjåande ut, men rektor ynskjer å legge fram for Fagskulestyret dei innspela som har vorte gitt. Oppsummert så handlar dette om tidlegare fylkestings vedtak og Fagskulestyre vedtak som vert omgjort og endra på utan at ein har fått nokon god forklaring for kvifor. Dersom det utkastet som er førlagt skulen vert ståande, vil det etter rektor sitt syn sette studiestaden i ein situasjon som gjer at vidare utvikling vil verte vanskeleg. Fagskulen sitt verkeområde og plassering i utdanningssystemet vil bli betydeleg endra framover. Det forslaget som vi er blitt førlagt tar ikkje opp i seg desse utviklingstrekk. Dei mindre studiestadane er avhengig av å kunne konkurrere på lik linje om studentane som ønskjer å gå på ein Fagskule. Ein Fagskule som frå utsida ser ut som ein avdeling under vidaregåande skule gjer ikkje det. Den nye studiestaden til Fagskulen i Førde synar nettopp kor viktig korleis og kor Fagskulen leverer utdanningar er. Det er den studiestaden som har størst vekst dei siste fem åra.

Vedlegg

1 Notat_Fagskulen_Maloy_formelle_merknader (002)

Notat – Merknader til skisser for nye lokale ved Fagskulen Vestland, studiestad Måløy (utsendt 30.01.2026)

1. Innleiing

Det blir vist til utsende skisser frå eigedomsavdelinga datert 30.01.2026 for nye lokale ved Fagskulen Vestland, studiestad Måløy.

Etter ei samla vurdering vurderast det framlagde forslaget som uheldig for den vidare utviklinga av studiestaden. Forslaget er ikkje i tråd med faglege behov, tidlegare avklaringar eller dei politiske føringane som ligg til grunn for etableringa av eigne lokale for fagskulen.

2. Overordna vurderingar

2.1 Behov for framtidsretta kapasitet

Maritim utdanning er av sentral betydning for kystnæringane, og behovet for høgt utdanna fagpersonell aukar. Det må difor leggjast til rette for framtidsretta og kapasitetsstyrkende løysingar som møter sektoren sine behov.

2.2 Fagskulen som institusjon på nivå 6 og 7

Fagskulen Vestland skal tilby utdanningar på nivå 6 og 7. Dette inneber at fagskulen i aukande grad får karakter av ei høgare utdanningsinstitusjon, både når det gjeld fagleg aktivitet, undervisningsformer og krav til infrastruktur.

Skissene av 30.01.2026 kan tolkast dit at fagskulen skal integrerast i vidaregåande skule. Ei slik løysing er fagleg uheldig og sender eit negativt signal til næringslivet. Det kan vidare få konsekvensar for rekrutteringa av fagpersonell til maritime og tekniske næringar langs kysten frå Bergen til Ålesund.

2.3 Tidlegare politiske føringar og vedtak

Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok eit samarbeid med Peak Måløy for å etablere ein kunnskapsklynge mellom arbeidsliv, høgskular, universitet og fagskule. Dette vart vurdert som framtidsretta og strategisk viktig.

Fagskulestyret endra seinare vedtaket, med føresetnad om at Fagskulen Vestland skulle få eige bygg, adskilt frå vidaregåande skule. Denne føresetnaden vart også vedteken av fylkestinget i september 2022.

2.4 Tidlegare skisser vs. skisser av 30.01.2026

Tidlegare løysing med påbygg i to etasjar på baksida av eksisterande bygg var ikkje fullt ut tilfredsstillande, men langt meir i tråd med tidlegare føringar om eige bygg på ca. 2 000 m².

Skissene frå 30.01.2026 vil kunne innebere eit steg tilbake, og kanskje heller være ein avvikling enn utvikling av studiestaden .

Sjå dokumenter:

- Styresak VS 23/22 (02.09.2022)
- Vestland fylkesting (28.09.2022), saksnr. 2000/79978-1

2.5 Status for vidare arbeid

Per i dag er det mest føremålstenlege alternativet:

- påbygg i to etasjar på D-fløyen i nord-sør-retning,
- og at heile denne fløyen vert etablert som ein rein fagskuleavdeling, i kombinasjon med det runde simulatorbygget.

3. Merknader til skissene av 30.01.2026

3.1 Romvise vurderingar

- Rom 2009 og 2011 med kjemilab 2010 mellom: Løysinga er føremålstenleg for maskinoffiserutdanninga.
- Auditorium 2023 må utvidast til 90 plassar.
- Teorirom 2032 må flyttast til fagskuleavdelinga og aukast til 90 m². Det er behov for to slike rom.
- Kopirom 2037 og 2038 må lokalisrast i fagskuleavdelinga/påbygget.
- Alle arbeidsplassar for tilsette må vere samla i fagskuleavdelinga.
- Navigasjons- og lastsimulatorlab (3003) samt radiolab (3002) må ha tilfredsstillande blanding. Ei plassbytting bør vurderast.
- Elektrolab, høgspenlab og maskinromsimulator kan vidareførast som i dag.
- Fagskulen må sikrast tilgang til akvahal og laboratorier, i skissen er desse definer som vgs. lokaler.

3.2 Lagerbehov

Det må etablerast eit lager med god tilkomst frå utsida. (kajakker o.a.)

4. Funksjonar og rom som manglar

4.1 Undervisningsrom

- 1 klasserom à 90 m²
- 2 klasserom à 80 m²
- 2 grupperom for 6–8 studentar
- 6 grupperom for 4–6 studentar

4.2 Fellesareal og støttefunksjonar

- Møterom (20 personar)
- Tørt og oppvarma lager (20 m²) med minst 3 ladeskap
- Bibliotek med lesesal
- Arkivrom og rekvisitalager
- Kopirom for tilsette og eget for studentar

4.3 Personalareal

- Personalrom
- Garderobe med toalett og dusj
- Eige inngangsparti med resepsjon

5. Avslutning

Viser også til romprogram frå juni 2023, utarbeid av Norconsult som ein oppfølging av Fylkestingsvedtak September 2022.

Saka om rom og funksjonsprogram for studiestad Måløy er planlagt behandla som styresak 27.02.2026.

Saksnr:	2022/486-251
Saksbehandlar	Torbjørn Mjelstad
Dato:	20.02.2026

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Nye studieplassar - Fagskulen Vestland

Fagskulen Vestland søkte om 158 nye heiltidsekvivalenter og får tildelt 150 nye heiltidsekvivalenter. Dei nye plassane tilsvarar 240 studieplassar. Fagskulen er nøgd med desse nye plassane og det syner at det gjerast ein god jobb både med å utvikle nye utdanningar, dokumentere behov frå arbeidslivet og utvikle skulen. Fagskulen fekk ikkje innvilga søknaden om nye plassar til studiet Handverksysting. Fagskulestyret vedtok å ta dette inn i tilbudsstrukturen for studieåret 26/27 under føresetnad om finansiering av studiet. Når studiet ikkje fekk finansiering trekkast studiet frå Samordna opptak. Fagskulen fekk i 2025 to millionar over statsbudsjettet for å gjennomføre eit kull med studentar. Desse studentane er ferdig våren 2027 og Fagskulen ønskjer å vidareføre studiet i 2027 og vil komme tilbake med sak til fagskulestyret og søkje om nye studieplassar hausten 2026.

Vedlegg

- 1 Tildeling av tilskot til drift av studietilbod for høgare yrkesfagleg utdanning for hausten 2026, Fagskulen Vestland

FAGSKULEN VESTLAND NORDNES
Postboks 1876 Nordnes
5817 Bergen

Dato 16.12.2025
Vår referanse 2025/46362-12
Dykkar referanse
Sakshandsamar Christine Hansen Rongevær
E-post Christine.Hansen.Rongever@vlfk.no
Telefon 57992507

Tildeling av tilskot til drift av studietilbod for høgare yrkesfagleg utdanning for hausten 2026, Fagskulen Vestland

Viser til innsendt søknad om midlar til drift av tilbod innan høgare yrkesfagleg utdanning for 2026 med referanse 2025/46362-7, datert 31.10.2025.

Vedtak om tilskot

Direktør for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune har tildelt tilskot til studietilboda som vist i tabellen under. Dette er med atterhald om endringar i Stortinget sitt budsjettvedtak.

Drift av studietilboda, slik det kjem fram av tabellen, er rekna å ha ei samla tilskotsramme på kr. 6.558.459.

Studietilbod	Studie poeng	Studie plassar	Studiestad	Del heiltid	Startdato	Sluttdato	Utbetaling hausten 26
Barn og unge psykisk helse	60	30	Studiestad Nordnes	0,5	aug.26	jun.28	641 250
Akutt og kronisk sjuk	60	30	Studiestad Nordnes	0,5	aug.26	jun.28	641 250
Energieffektivisering og automasjon i bygg	40	30	Studiestad Førde	0,67	aug.26	des.27	881 519
Energioverføring og høyspenningsteknologi	30	30	Studiestad Nordnes	0,5	aug.26	jun.27	657 850
Elkraft	120	30	Studiestad Førde	0,67	aug.26	jun.29	881 519
Dekkoffiser	120	30	Studiestad Nygård	1	aug.26	jun.28	1 315 700
Prosess	120	30	Studiestad Nordnes	0,67	aug.26	jun.29	881 519
Grøn omstilling i byggenæringa	60	30	Studiestad Førde	0,5	aug.26	jun.28	657 850
Samla utbetaling for hausten 26							6 558 459

Midlar til tilbodet *grøn omstilling i byggenæringa* vart tildelt fagskulen med oppstart hausten 2025. Skulen melde at dei ønska å utsette oppstart til hausten 2026 grunna få søkjarar, og fekk medhald i det.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK- dir.) tildelte 85 nye studieplassar (heiltidsekvivalentar) til Vestland fylkeskommune, med oppstart hausten 2026. Fagskulen Vestland søkte om 158 nye heiltidsekvivalenter og får tildelt 150 nye heiltidsekvivalenter. Det inkluderer tilbodet grøn omstilling i byggenæringa. Tildelinga er gjort ut frå fylkeskommunen si samla ramme, det inkluderer nye studieplassar frå Hk-dir. Beløpet oppgitt i tabellen over kjem som eit tillegg til den ramma Fagskulen Vestland har for 2026.

Utbetaling av tilskot

Fagskulen får overført midlane oppgitt i tabellen over til hausten 2026, innan fylkeskommunen si utbetalingfrist som er 15.09.26.

Tilskotsgrunnlag

Vestland fylkeskommune nyttar satsar i tråd med tilrådinga Fylkesdirektørkollegiet for kompetanse og utdanning (FKU) med utgangspunkt i helsefaga, inkludert løns- og prisvekst.

Sats per heiltidsekvivalent student 2026

2026	Stadbasert	Nettbasert
Grunntilskot (80%)	85 500	59 100
Resultatbasert tilskot (20%)	23 000	23 000
Teknisk sats	87 713	

Sats for det resultatbaserte tilskotet gjeld for ei studiepoengeining (60 stp.).

Grunnlag for vedtak om tildeling

Tilskotet skal bidra til å dekke kompetansebehova i samfunnet. Driftstilskotet til fagskular skal også stimulere til god kvalitet og gjennomføring i høgare yrkesfagleg utdanning, og skal komme studentane til gode. Stortinget har fastsett fire mål for driftstilskotet, desse ligg til grunn for kriteria fylket tildeler etter:

1. Høy kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning
2. Relevant høgare yrkesfagleg utdanning som svarar på kompetansebehova i arbeidslivet
3. God tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning i hele landet
4. Effektiv og solid fagskolesektor

Vestland fylkeskommune har presisert kriteria for tildeling av tilskot ut frå kompetanseutfordringar i fylket og gjennomføring av tilboda. I arbeidet med tildeling av tilskot har fylkeskommunen særskilt lagt vekt på følgande kriteria:

- Studietilbod som svarar på etterspurnaden etter høgare yrkesfagleg kompetanse både i byar og lokalt i fylket
- Studietilbod som er tilpassa å vere i jobb under studia
- Studietilbod med gruppestorleik på minimum 15 studentar ved oppstart. Studietilbod med lågare deltaking vert vurdert i høve til respektive fag og etterspurnaden etter kompetansen
- Gjennomføring, dvs. tal studentar som gjennomfører studiet
- At studiet rettar seg inn mot det grønne skiftet og er berekraftig
- At tilbodet, i den grad det lèt seg gjere, skapar like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Retningslinjer for tildeling

Vestland fylkeskommune følgjer desse retningslinene for tilskotsordninga for 2026:

- Tilskotsordninga er basert på finansiering av det einssilde studietilbodet.
- Ordninga er basert på satsar for stadbasert tilbod, samlingsbasert tilbod med nettstøtte og for reine nettbaserte tilbod
- Tilskotet har like satsar for like tilbod uavhengig om fagskulen er offentleg eller privat
- Tilskotet vert fordelt i forhold til 80/20 som grunntilskot og resultatbasert tilskot
- Fagskulane får resultatbasert tilskot i 2026 basert på studiepoengeiningar (60 stp) produsert i 2024

Krav og ansvar

Fylkeskommunen forutsett at fagskulen rettar seg etter følgande vilkår for tilskotet:

- Fagskulen skal melde frå til fylkeskommunen dersom studiet ikkje startar opp. Dersom det er ynskje om bruksendring av midlar, må fagskulen gå i dialog med fylkeskommunen og søkje om dette. Fylkeskommunen vil handsame søknaden etter same kriteria som tidlegare tildelte midlar
- Fagskulen har ansvar for å kontrollere at utbetalte beløp er korrekt. Om det ikkje er det skal fylkeskommunen informerast
- Fagskulen er forplikta til at studentane får slutført påbegynte utdanningar
- Fagskulen skal levere oppdatert og utfyllande informasjon om utdanningstilbodet til Utdanning.no. Informasjonen oppdaterast når det er nødvendig, og av - publiserast når tilbodet ikkje lenger er gjelder. Informasjon på <https://utdanning.no/partner>
- Fagskulen skal rapportere studentdata til Database for fagskolestatistikk (DBH-F) i tråd med føringane derfrå innan 15. mars, 15. august og 15. oktober
- Fagskulen skal rapportere økonomidata til Database for fagskolestatistikk (DBH-F) i tråd med føringane derfrå innan 31. juli (gjelder private fagskular)
- Fagskulen må forklare endringar i avlagte studiepoengseinheiter (60 studiepoeng) på 20% eller meir frå året før i ein egen endringskommentar til DBH-F. Frist: 30. april
- Vestland fylkeskommune ynskjer å få tilsendt den årlege årsmeldinga/kvalitetsmeldinga som vert laga i samband med fagskulen sitt NOKUT - godkjente kvalitetssystem

Fagskulen skal rapportere data på den fylkeskommunen som tildelar midlar.

For nærmare informasjon om rapporteringskrav og fristar frå DBH-F, sjå:

<https://fagskole.hkdir.no/rapportering>.

Fagskulen må sjølv kvalitetssikre tala som rapporterast.

Innrapporterte studiepoeng dannar grunnlag for HK-dir. sin berekning av resultatbasert tilskot til fylkeskommunen.

Høve til å klage

Fagskulen har høve til å klage på fylkeskommunen sitt vedtak om tildeling av tilskot, jf. Forvaltningslova §28. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans.

Med helsing

Tor Ivar Sagen Sandvik
seksjonsleiar
OPK - Kompetanse

Christine Hansen Rongevær
rådgjevar
OPK - Kompetanse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi
Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse

Saksnr: 2022/486-248
Saksbehandlar Torbjørn Mjelstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 01/26	27.02.2026

Akkreditering av ny utdanning: "Teamleiving i helsetenesta"**Forslag til vedtak**

1. Styret vedtek å akkreditere utdanninga *Teamleiving i helsetenesta* (15 studiepoeng).
2. Utdanninga vert akkreditert som nettbasert utdanning med samlingar.
3. Utdanninga vert akkreditert med studiestad Nordnes.

Samandrag

Fagskulen Vestland har utvikla utdanninga *Teamleiving i helsetenesta* (15 stp.) og gjennomført sakkunnig vurdering. Sakkunnig komité tilrår godkjenning av utdanninga med mindre presiseringar og justeringar i studieplanen. Fagskulen har følgd opp tilrådingane og revidert studieplanen. Sakkunnig komité har meldt tilbake at tilbakemeldingane er godt ivaretatt, og at dei ikkje har fleire merknadar. Utdanninga skal imøtekomme behovet i arbeidslivet for utdanning av teamleiarar. Tradisjonelt er dette ei stilling som sjukepleiarar har hatt, men i dag ser vi ei stadig endring av oppgåver som blir flytta på, og at fleire helsefagarbeidarar og anna helsepersonell no får ansvar som teamleiarar. Fagskulen legg med dette fram tilråding om akkreditering.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Studieplan for bransjeprogram -Teamleiving i helsetenesta 2026-27 (6)
- 2 Tilbakemelding etter rapport fra sakkyndig komité - Teamleiving i helsetenesta

Saksutgreiing

Fagskulen Vestland har utvikla og gjennomført sakkunnig vurdering av utdanninga Teamleing i helsetenesta (15 stp.). Utdanninga er utvikla for å møte eit aukande behov for utdanning av teamleiarar. Dette behovet vart avdekkja gjennom møter med kommunar og studiesenter. Tradisjonelt er teamleiar ei stilling som sjukepleiarar har hatt, men no ser vi ei stadig endring av oppgåver som blir flytta på, og at fleire helsefagarbeidarar og anna helsepersonell får ansvar som teamleiarar.

Behovet for helsepersonell med leiarkompetanse er merkbar i dag, og vil auke i åra som kjem. Dette skal vere ei utdanning for helsefagarbeidarar og anna helsepersonell som ønsker auka kompetanse og tryggleik i utøvinga av stillinga som teamleiar. Den vil vere relevant både for dei som allereie har ei slik stilling og for dei som ønsker å etterutdanne seg for å kunne få leiarstillingar.

Denne utdanninga er utvikla i tett samarbeid med arbeidslivet.

Fagskulen inngjekk samarbeidsavtalar med Sandsli bo- og aktivitetssenter (Bergen kommune) og Førde omsorgssenter (Sunnfjord kommune) som er blant bedriftene som etterspør denne utdanninga. Sandsli bu- og aktivitetssenter har gode erfaringar med å bruke anna helsepersonell enn sjukepleiarar som teamleiarar, medan dette er nytt for Førde omsorgssenter. Vi søkte Bransjeprogrammet til HK-dir om midlar til utvikling og gjennomføring av utdanninga, og fekk tilsegn på midlar til utvikling og to gjennomføringar av alle modulane.

Sakkunnig komité har vurdert studieplanen og tilrår godkjenning med mindre justeringar. Fagskulen har revidert studieplanen i tråd med komiteen sine anbefalingar. Sakkunnig komité har gitt svar på at dei meiner at tilbakemeldingane er godt ivareteke, og at dei ikkje har fleire merknader.

Sakkunnig komité har bestått av:

Fagleg ansvarleg: Beate Trellevik.

Ho er sjukepleiar med vidareutdanning i helseleing på masternivå. I 16 år har ho jobba med leing i sjukeheim på ulike institusjonar. Dei siste seks åra som einingsleiar.

Pedagogisk ansvarleg: Miriam Revheim.

Ho er utdanna helsefagarbeidar med vidareutdanning i ppu. Ho har dei siste 5 åra jobba som avdelingsleiar.

Komiteen vurderer at studieplanen oppfyller krava til fagleg nivå, relevans og NKR-nivå 5.1 og tilrår godkjenning. Fagskulen Vestland er samd med komiteen sine tilrådingar og har svart ut og følgd opp tilbakemeldingane og revidert studieplanen. Oppdatert studieplan ligg ved saka.

Om utdanninga:

Utdanninga består av tre emne, kvart på 5 studiepoeng, totalt 15 studiepoeng. Studiet er fleksibelt og tilrettelagt som deltidsstudium, og kan kombinerast med full jobb. Det vert tilbydd som nettbasert utdanning med samlingar. Utdanninga inneheld ikkje praksis.

Studiet gir kompetanse i leing og organisering i helse- og omsorgstenesta. Gjennom utdanninga utviklar studentane kunnskap om gjeldande lovverk, forskrifter og retningslinjer som regulerer fagfeltet.

Det vert lagt vekt på ferdigheiter i å leie og koordinere tverrfaglege team, og bidra til kvalitet og tryggleik i tenestene. Tema som å ivareta eit godt arbeidsmiljø, psykologisk tryggleik, rettleing og kompetanseutvikling, er sentrale område for at studenten kan vere ein tydeleg rollemodell og bidra til utvikling i arbeidsfellesskapet. Kliniske observasjonar og vurderingar vert integrerte som grunnlag for faglege avgjerder.

Etter fullført utdanning kan studenten ta ansvar for leiing, prioritering av ressursar, oppfølging og kvalitetssikring i helse- og omsorgstenestene. Studenten kan bidra til strategisk planlegging, utviklingsarbeid og vera ein ressurs person i forbettingsprosessar som fremjar både pasienttryggleik og gode arbeidsvilkår. Målet er å gi helsepersonell auka meistring og handlingskompetanse som teamleiarar, og bidra til høg kvalitet i helse- og omsorgstenestene.

Læringsutbytte:

Kunnskapsdepartementet har fastsett «Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring» (NKR). Ei eittårig utdanning på fagskulenivå skal vere på nivå 5.1 i NKR. For alle utdanningar vert det utarbeidd læringsutbyttebeskrivingar (LUB) for utdanninga som heilskap og for kvart emne. Ein brukar då omgrepa overordna LUB og emne LUB. Læringsutbyttebeskrivinga viser dei kvalifikasjonane studenten minst skal ha etter fullført utdanning.

Kunnskap

Studenten

- har forståing for lover, forskrifter, nasjonale føringar, etiske prinsipp og verdigrunnlag som regulerer helse- og omsorgstenestene.
- har kunnskap om leiing, kommunikasjon, samhandling og korleis psykologisk tryggleik og psykososialt arbeidsmiljø påverkar læring, trivsel og pasienttryggleik.
- har innsikt i korleis ressursbruk og organisering påverkar kvalitet og prioriteringar i tenestene.
- kjenner til verktøy og digitale løysingar som støttar planlegging, koordinering og kvalitetsarbeid i helsetenesta.

Ferdigheiter

Studenten

- kan leie og koordinere team på ein tydeleg, tillitsfull og motiverande måte, med evne til å skape felles mål, vise fleksibilitet og førebyggje konflikhtar og ta ansvar for oppgåvedeling og effektiv bruk av ressursar i tverrfaglege team.
- kan planlegge, gjennomføre og evaluere arbeidsprosessar i tråd med gjeldande lovverk og faglege standardar.
- kan legge til rette for læring, refleksjon og utvikling gjennom kommunikasjon og tryggleik i arbeidsfellesskapet.

Generell kompetanse

Studenten

- kan reflektere over eigen praksis og utøve leiing i tråd med etiske og faglege retningslinjer.
- kan bidra til fagleg utvikling, læring og innovasjon i arbeidsfellesskapet gjennom å fremje psykologisk tryggleik, openheit og eit godt psykososialt arbeidsmiljø.
- viser ansvar for kvalitet, tryggleik og samhandling i tenestene gjennom å bidra til godt arbeidsmiljø og føremålstenlege samarbeidsformer i tverrfaglege team.

Opptak

Det generelle grunnlaget for opptak til studium ved Fagskulen Vestland er at søkar skal ha fullført og bestått vidaregåande opplæring med relevant fagbrev/sveinebrev. Det vil seie at personar med fagbrev/autorisasjonsfag frå helsefag frå vidaregåande skule eller realkompetanse kan søke på dette studiet.

Søkarar som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen, kan tildelast plass på vilkår om bestått prøve innan første semester etter opptak.

For studiet *Teamleiving i helsetenesta* er følgjande fagbrev eller vitnemål relevante som grunnlag for opptak:

Fagbrev

- Fagbrev i aktivtørfaget
- Fagbrev i ambulansearbeidarfaget
- Fagbrev i fotterapifaget
- Fagbrev i helsearbeidarfaget
- Fagbrev i hudpleiefaget
- Fagbrev i ortopediteknikkfaget
- Fagbrev i portørfaget

Vitnemål

- Vitnemål i helsesekretærfaget
- Vitnemål i tannhelsesekretærfaget
- Vitnemål som apotekteknikar
- Vitnemål som steriltforsyningsteknikar

Opptak på grunnlag av realkompetansevurdering

Søkarar som ikkje fyller dei generelle opptakskrava, og som har fylt 23 år, kan søke om opptak på grunnlag av realkompetanse. Relevant realkompetanse er all den kompetansen ein person har skaffa seg gjennom utdanning, praktisk yrkeserfaring og deltaking i organisasjonar m.m. Anna helsepersonell kan søke om opptak på grunnlag av realkompetanse. Sjå Forskrift om opptak ved Fagskulen Vestland, 2022, §2 på www.lovdata.no for utfyllande informasjon om opptak.

Organisering

Utdanninga består av tre emne à 5 studiepoeng, totalt 15 studiepoeng:

Teamleiarrolla i praksis – 5 stp.

Samarbeid og leiving i tverrfaglege team – 5 stp.

Kvalitetsarbeid og fagleg utvikling i helsetenesta – 5 stp.

Studiet er fleksibelt, nettbasert og tilrettelagt som deltidsstudium, og kan kombinerast med full jobb. Utdanninga inneheld ikkje praksis.

Kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse blir utvikla gjennom refleksjonsbaserte læringsaktivitetar, mellom anna arbeid med eigne case frå studentane si yrkesutøving, arbeid med refleksjonsnotat, rettleiving og faglege refleksjonar. Dei obligatoriske læringsaktivitetane er utforma for å støtte utvikling av kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse i tråd med fastsette læringsutbytte.

Emna kan takast enkeltvis, og studenten får karakterutskrift etter fullført emne. Emna kan òg kombinerast og byggast saman til eit samla studieløp på 15 studiepoeng, *Teamleiving i helsetenesta*. Studieløpet utgjer ikkje ei full fagskuleutdanning, men gir formell kompetanse på fagskulenivå.

Utdanningsform

Utdanninga er nettbasert med samlingar.

Stadiestad

Nordnes.

Vedtakskompetanse

Fagskulen har akkreditering for fagområdet og kan sjølv akkreditere nye fagskuleutdanningar innanfor området, jf. fagskuleforskrifta § 48 (3). Styret skal fastsette studieplanen og avgjere korleis utdanninga skal gjennomførast, jf. fagskulelova § 17 første ledd.

Konklusjon

Rektor tilrår at styret akkrediterer utdanninga Teamleiling i helsetenesta, 15 studiepoeng, som ei ny utdanning ved Fagskulen Vestland, stadiestad Nordnes, med utdanningsforma nettbasert med samlingar.



Studieplan for bransjeprogram Teamleining i helsetenesta 2026- 2027

15 studiepoeng, nivå 5.1 i NKR

Innhold

1.0 Om utdanninga	3
1.1 Kort omtale og formål.....	3
1.2 Omfang og nivå.....	3
1.3 Studieform.....	3
1.4 Undervisningsspråk	3
2.0 Målgruppe og opptakskrav	4
2.1 Realkompetanse	4
2.2 Tilleggskrav ved oppstart	4
3.0 Overordna læringsutbyttebeskriving (O-LUB)	5
4.0 Organisering av studiet	6
5.0 Emneoversikt	7
5.1 Emne 1 – Teamleiarrolla i praksis	8
Læringsutbytte for emnet (E-LUB)	8
5.2 Emne 2 – Samarbeid og leiing i tverrfaglege team	9
Læringsutbytte for emnet (E-LUB)	9
5.3 Emne 3 – Kvalitetsarbeid og fagleg utvikling i helsetenesta	10
Læringsutbytte for emnet (E-LUB)	11
6.0 Obligatoriske læringsaktivitetar og emnevurdering.....	12
7.0 Sluttdokumentasjon	12
8.0 Litteraturliste til studiet	13
8.1 Obligatorisk litteratur	13
8.2 Tilrådd litteratur.....	13
8.3 Nettressursar	14

1.0 Om utdanninga

1.1 Kort omtale og formål

Studiet gir kompetanse i leiing og organisering i helse- og omsorgstenesta. Gjennom utdanninga utviklar studentane kunnskap om gjeldande lovverk, forskrifter og retningslinjer som regulerer fagfeltet.

Det vert lagt vekt på ferdigheiter i å leie og koordinere tverrfaglege team, og bidra til kvalitet og tryggleik i tenestene. Tema som å ivareta eit godt arbeidsmiljø, psykologisk tryggleik, rettleiing og kompetanseutvikling, er sentrale område for at studenten kan vere ein tydeleg rollemodell og bidra til utvikling i arbeidsfellesskapet. Kliniske observasjonar og vurderingar vert integrerte som grunnlag for faglege avgjerder. Etter fullført utdanning kan studenten ta ansvar for leiing, prioritering av ressursar, oppfølging og kvalitetssikring i helse- og omsorgstenestene. Studenten kan bidra til strategisk planlegging, utviklingsarbeid og vera ein ressurs person i forbettingsprosessar som fremjar både pasienttryggleik og gode arbeidsvilkår. Målet er å gi helsepersonell auka meistring og handlingskompetanse som teamleiarar, og bidra til høg kvalitet i helse- og omsorgstenestene. Studiet er vidare forankra i nasjonale føringar for utvikling av helse- og omsorgstenestene, mellom anna gjennom rapporten Tid for handling. Rapporten peikar på utfordringar knytt til ressursknappheit, aukande kompleksitet i tenestene og behov for tydelegare prioriteringar og oppgåvedeling. Utdanninga har difor eit eksplisitt fokus på teamleiarrolla sitt ansvar for effektiv ressursbruk, passande oppgåvedeling og koordinering av arbeid i tverrfaglege team.

1.2 Omfang og nivå

15 studiepoeng, nivå 5.1 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR).

1.3 Studieform

Deltidsstudium som kan kombinerast med full jobb. Utdanninga er nettbasert med samlingar.

1.4 Undervisningsspråk

Norsk.

2.0 Målgruppe og opptakskrav

Det generelle grunnlaget for opptak til studium ved Fagskulen Vestland er at søker skal ha fullført og bestått vidaregåande opplæring med relevant fagbrev/sveinebrev. Det vil seie at alle med fagbrev/autorisasjonsfag frå helsefag frå vidaregåande skule eller realkompetanse kan søkje på dette studiet.

Søklarar som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen, kan tildelast plass på vilkår om bestått prøve innan første semester etter opptak.

For studiet Teamleiing i helsetenesta er følgjande fagbrev eller vitnemål relevante som grunnlag for opptak:

Fagbrev

- Fagbrev i aktivitørfaget
- Fagbrev i ambulansesarbeidarfaget
- Fagbrev i fotterapifaget
- Fagbrev i helsearbeidarfaget
- Fagbrev i hudpleiefaget
- Fagbrev i ortopediteknikkfaget
- Fagbrev i portørfaget

Vitnemål

- Vitnemål i helsesekretærfaget
- Vitnemål i tannhelsesekretærfaget
- Vitnemål som apotekteknikar
- Vitnemål som sterilforsyningsteknikar

2.1 Realkompetanse

Søklarar som ikkje fyller dei generelle opptakskrava, og som har fylt 23 år, kan søkje om **opptak på grunnlag av realkompetanse**. Relevant realkompetanse er all den kompetansen ein person har skaffa seg gjennom utdanning, praktisk yrkeserfaring og deltaking i organisasjonar m.m. Anna helsepersonell kan søkje om opptak på grunnlag av realkompetanse.

Sjå Forskrift om opptak ved Fagskulen Vestland, 2022, §2 på www.lovddata.no for utfyllande informasjon om opptak.

2.2 Tilleggskrav ved oppstart

Eigen PC og tilgang til internett.

3.0 Overordna læringsutbyttebeskriving (O-LUB)

Etter fullført bransjeprogram skal studenten ha følgjande læringsutbytte på nivå 5.1 i NKR:

Kunnskap

Studenten

- har forståing for lover, forskrifter, nasjonale føringar, etiske prinsipp og verdigrunnlag som regulerer helse- og omsorgstenesta.
- har kunnskap om leing, kommunikasjon, samhandling og korleis psykologisk tryggleik og psykososialt arbeidsmiljø påverkar læring, trivsel og pasienttryggleik.
- har innsikt i korleis ressursbruk og organisering påverkar kvalitet og prioriteringar i tenesta.
- kjenner til verktøy og digitale løysingar som støttar planlegging, koordinering og kvalitetsarbeid i helsetenesta.

Ferdigheiter

Studenten

- kan leie og koordinere team på ein tydeleg, tillitsfull og motiverande måte, med evne til å skape felles mål, vise fleksibilitet og førebyggje konflikhtar og ta ansvar for oppgåvedeling og effektiv bruk av ressursar i tverrfaglege team.
- kan planlegge, gjennomføre og evaluere arbeidsprosessar i tråd med gjeldande lovverk og faglege standardar.
- kan legge til rette for læring, refleksjon og utvikling gjennom kommunikasjon og tryggleik i arbeidsfellesskapet.

Generell kompetanse

Studenten

- kan reflektere over eigen praksis og utøve leing i tråd med etiske og faglege retningslinjer.
- kan bidra til fagleg utvikling, læring og innovasjon i arbeidsfellesskapet gjennom å fremje psykologisk tryggleik, openheit og eit godt psykososialt arbeidsmiljø.
- viser ansvar for kvalitet, tryggleik og samhandling i tenestene gjennom å bidra til godt arbeidsmiljø og føremålstenlege samarbeidsformer i tverrfaglege team.

4.0 Organisering av studiet

Utdanninga består av tre emne à 5 studiepoeng, totalt 15 studiepoeng. Studiet er fleksibelt og tilrettelagt som deltidsstudium, og kan kombinerast med full jobb. Utdanninga inneheld ikkje praksis.

Kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse blir utvikla gjennom refleksjonsbaserte læringsaktivitetar, mellom anna arbeid med eigne case frå studentane si yrkesutøving, arbeid med refleksjonsnotat, rettleiing og faglege refleksjonar. Dei obligatoriske læringsaktivitetane er utforma for å støtte utvikling av kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse i tråd med fastsette læringsutbytte.

Fleksibel emnestruktur:

Emna kan takast enkeltvis, og studenten får karakterutskrift etter fullført emne. Emna kan òg kombinerast og byggast saman til eit samla studieløp på 15 studiepoeng, Teamleiing i helsetenesta. Studieløpet utgjer ikkje ei full fagskuleutdanning, men gir formell kompetanse på fagskulenivå.

Arbeidsmengde:

- 5 studiepoeng = ca. 125 - 150 timar (inkl. samlingar, nettundervisning, rettleiing og sjølvstudium).
- Total arbeidsmengde dersom ein tek alle tre emna er ca. 375-450 timar.
- Undervisninga nyttar læringsplattforma «It's Learning». Til anna kommunikasjon og rettleiing vert Teams/Zoom nytta.

5.0 Emneoversikt

Emnenamn	Stp	Kort innhald	Vurderingsform	Vurderingsutt rykk
Teamleiarrolla i praksis	5	Rolleforståing, etikk, HMS, kommunikasjon, oppgåvedeling, pasienttryggleik og psykososialt arbeidsmiljø	Obligatorisk læringsaktivitet: 1 Caseoppgåve utarbeida i tråd med læringsutbytta 1 Refleksjonsnotat, kan leverast i tre format: • Skriftleg tekst: 500–700 ord, • Munnleg framføring (video): 4–6 minutt • Lydfil: 4–6 minutt	Sluttvurderinga i kvart emne er bestått / ikkje bestått. Alle obligatoriske læringsaktivitetar (OLA) må vere godkjende for å få emnet vurdert. Dersom emnet blir vurdert til ikkje bestått, må studenten gjennomføre heile emnet på nytt.
Samarbeid og leiing i tverrfaglege team	5	Relasjonell leiing, konflikthandtering, endringsleiing, pårørande samarbeid og psykologisk tryggleik i leiarrolla	Obligatorisk læringsaktivitet: 1 Caseoppgåve utarbeida i tråd med læringsutbytta 1 Refleksjonsnotat, kan leverast i tre format: • Skriftleg tekst: 500–700 ord, • Munnleg framføring (video): 4–6 minutt • Lydfil: 4–6 minutt	Sluttvurderinga i kvart emne er bestått / ikkje bestått. Alle obligatoriske læringsaktivitetar (OLA) må vere godkjende for å få emnet vurdert. Dersom emnet blir vurdert til ikkje bestått, må studenten gjennomføre heile emnet på nytt.
Kvalitetsarbeid og fagleg utvikling i helsetenesta	5	Systematisk forbetringsarbeid, effektiv ressursbruk, kvalitetsverktøy, digitale løysingar, fagformidling og tryggleikskultur	Obligatorisk læringsaktivitet: 1 Caseoppgåve utarbeida i tråd med læringsutbytta	Sluttvurderinga i kvart emne er bestått / ikkje bestått. Alle obligatoriske læringsaktivitetar

			1 Refleksjonsnotat, kan leverast i tre format: • Skriftleg tekst: 500–700 ord, • Munnleg framføring (video): 4–6 minutt • Lydfil: 4–6 minutt	(OLA) må vere godkjende for å få emnet vurdert. Dersom emnet blir vurdert til ikkje bestått, må studenten gjennomføre heile emnet på nytt.
--	--	--	--	---

5.1 Emne 1 – Teamleiarrolla i praksis

Tema:

Rolleforståing, ansvar, etikk, HMS, kommunikasjon, psykologisk tryggleik og psykososialt arbeidsmiljø.

Introduksjon: Dette emnet gir ei grunnleggande forståing av kva det inneber å vere teamleiar i helse- og omsorgstenesta. Studenten får innsikt i rolla si plass mellom leiing og fag, og korleis etiske prinsipp, pasienttryggleik og HMS påverkar kvardagen i tenesta. Gjennom arbeid med eigne erfaringar og praktiske dømme utviklar studenten kompetanse i kommunikasjon, rolleforståing og relasjonsbygging.

Det blir lagt særleg vekt på korleis psykologisk tryggleik og eit godt psykososialt arbeidsmiljø legg grunnlaget for fagleg utvikling og kvalitet i teamet.

Emnet kan takast som ei sjølvstendig vidareutdanning, eller som del av bransjeprogrammet Teamleiing i helsetenesta.

Læringsutbytte for emnet (E-LUB)

Kunnskap:

- Har forståing for teamleiaren si rolle, ansvar og plikter i helse- og omsorgstenesta.
- Kjenner til lover, forskrifter og HMS-prinsipp som påverkar dagleg drift.
- Har innsikt i korleis psykologisk tryggleik, og psykososialt arbeidsmiljø påverkar teamet.

Ferdigheiter:

- Kan utøve leiarskap med fokus på tryggleik, etikk og relasjonar.
- Kan bruke grunnleggande leiingsverktøy for planlegging, prioritering og oppfølging.
- Kan legge til rette for psykologisk tryggleik og konstruktiv dialog i teamet.

Generell kompetanse:

- Kan reflektere over eigen rolle som leiar og bidra til eit inkluderande, tillitsbasert og trygt arbeidsmiljø.
- Kan vere ein tydeleg og etisk rollemodell i møte med kollegaer og pasientar.

Obligatorisk læringsaktivitet:

1 caseoppgåve.

1 Refleksjonsnotat.

Vurderingsuttrykk: Godkjent / Ikkje godkjent

Emnevurdering:

Emnet blir vurdert på grunnlag av godkjende obligatoriske læringsaktivitetar

Vurderingsuttrykk: Bestått / Ikkje bestått

5.2 Emne 2 – Samarbeid og leiing i tverrfaglege team

Tema:

Tverrfagleg samarbeid og samhandling, profesjonsforståing, kommunikasjon, konflikthandtering, pårørandesamarbeid, endringsleiing og psykologisk tryggleik.

Introduksjon:

Emnet bygger vidare på forståinga av eiga leiarrolle og set fokus på samhandling mellom ulike profesjonar, fagområde og aktørar i helsetenesta.

Studenten lærer å leie og koordinere tverrfaglege team på ein trygg og inkluderande måte, med vekt på kommunikasjon, konflikthandtering og samarbeid med pårørande og andre tenester.

Gjennom refleksjon og praktiske øvingar skal studenten utvikle evne til å fremje psykologisk tryggleik, openheit og læringskultur i teamet – noko som er avgjerande for både arbeidsmiljø og pasienttryggleik.

Emnet kan takast som ei sjølvstendig vidareutdanning, eller som del av bransjeprogrammet Teamleiing i helsetenesta.

Læringsutbytte for emnet (E-LUB)

Kunnskap:

- Har kunnskap om relasjonskompetanse, kommunikasjon og samhandling i helseteam.
- Har kunnskap om konflikthandtering og psykososial tryggleik i arbeidsfellesskap.
- Har forståing for pårørandesamarbeid som del av pasienttryggleik og kvalitetsarbeid.

Ferdigheiter:

- Kan leie og koordinere tverrfaglege team på ein måte som fremjar tillit, læring og psykologisk tryggleik.
- Kan identifisere og handtere konflikter på ein konstruktiv og fagleg måte.
- Kan legge til rette for kommunikasjon og samhandling med pårørende og andre tenester.

Generell kompetanse:

- Kan bidra til openheit, tillit og psykologisk tryggleik i arbeidsfellesskapet.
- Kan ta initiativ til utvikling og endring i samarbeid med kollegaer.

Obligatorisk læringsaktivitet:

1 caseoppgåve.

1 Refleksjonsnotat.

Vurderingsuttrykk: Godkjent / Ikkje godkjent

Emne vurdering:

Emnet blir vurdert på grunnlag av godkjende obligatoriske læringsaktivitetar

Samlet vurderer faggruppen at dette sikrer et tilstrekkelig stort, relevant og robust fagmiljø over tid.

Har fagskolen sensorer med kompetanse til å vurdere om læringsutbyttet er nådd?

Det følger av fagskoletilsynsforskriften § 2-5 at sensor «skal ha kompetanse til å vurdere om studenten har oppnådd læringsutbyttet for emnet eller utdanningen». Studentenes kunnskap, ferdigheter og generelle kompetanse skal prøves på en upartisk og faglig betryggende måte, og vurderingen skal sikre det faglige nivået ved den aktuelle utdanningen, jf. fagskoleloven § 21 første ledd.

Det er ikke et krav at sensor må være ekstern, men fagskoleloven krever enten en ekstern evaluering av vurderingen eller vurderingsordningene, jf. fagskoleloven § 21 første ledd siste punktum. Sensors kompetanse må vurderes opp mot hvilken oppgave sensor skal ha. Det betyr at det kan være forskjell i kravet til sensors kompetanse avhengig av om sensuren gjelder et enkelt emne eller utdanningen som helhet. For å kunne vurdere om studentene har oppnådd læringsutbyttet må sensor ha god kjennskap til læringsutbyttebeskrivelsene, og gjerne også pedagogisk kompetanse. Sensor må videre ha oppdatert fagkunnskap, og kunnskap og kompetanse om yrkesfeltet tilpasset det sensoroppdraget hen skal utføre.

Det er fagskolens ansvar å sørge for at sensor har rett kompetanse. Det kan sikres gjennom for eksempel kurs eller veiledningsmateriale til sensorene. Kvalitetssikring av sensuren er alltid fagskolens ansvar.

Svar:

Komiteen vurderer at sensurordningen i utgangspunktet er tilfredsstillende, men anbefaler at det beskrives tydeligere hvilken kompetanse sensorene har, og hvordan denne kompetansen sikrer en faglig betryggende vurdering av læringsutbyttet.

Som tidligere orientert i møte med sakkyndig komité og kvalitet- og akkrediteringsansvarlig, har faggruppen avklart at vurderingsformen i studiet endres fra avsluttende eksamen til vurdering basert på obligatoriske læringsaktiviteter i hvert emne.

Sluttvurderingen i hvert emne er **bestått/ikke bestått**. For å oppnå vurderingen bestått må alle obligatoriske læringsaktiviteter (OLA) være godkjent. Dersom én eller flere OLA ikke er godkjent, vurderes emnet til ikke bestått, og studenten må gjennomføre emnet på nytt for å kunne oppnå bestått.

2 Eventuelle premisser for opprettingen av studiet

Er det nødvendig å sette premisser for opprettingen av studiet?

Det må tydelig fremgå at teamlederrollen har et eksplisitt fokus på riktig ressursbruk og oppgavedeling, gjerne i tråd med anbefalinger «*Tid for handling*».

Faggruppen tar komiteens kommentar til etterretning og vil integrere føringene fra ***Tid for handling*** som et sentralt premiss i videre utvikling og beskrivelse av studiet, herunder i læringsutbytter, innhold og pedagogisk tilrettelegging.

3 Konklusjon

Hva er den sakkyndige komité sin konklusjon?

Den sakkyndige komité skal vurdere om studieplanen er godkjent eller ikke. Dersom komiteen ikke godkjenner studieplanen skal planen sendes tilbake til prosjektgruppen, sammen med en rapport om mangler og feil. Prosjektgruppen må deretter gjøre de nødvendige endringene for at den sakkyndige komité skal kunne behandle saken videre.

Svar:

Den sakkyndige komité vurderer at studieplanen kan godkjennes **forutsatt at de påpekte presiseringene og justeringene gjennomføres.**

Faggruppen takker for gode og konstruktive tilbakemeldinger.

4 Eventuelle vedlegg

Saksnr: 2022/486-249
Saksbehandlar Inger Karine Kårdal Kversøy

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 02/26	27.02.2026

Akkreditering av ny utdanning: "Solenergi, lagring og nettintegrasjon"

Forslag til vedtak

1. Styret vedtek å akkreditere utdanninga «Solenergi, lagring og nettintegrasjon» (30 stp).
2. Utdanninga vert akkreditert som nettbasert utdanning med samlingar.
3. Utdanninga vert akkreditert med studiestad Førde.

Samandrag

Fagskulen Vestland har utvikla utdanninga «Solenergi, lagring og nettintegrasjon» (30 studiepoeng) og gjennomført sakkunnig vurdering i tråd med gjeldande regelverk. Sakkunnig komité har vurdert studieplanen og gitt tilrådingar knytt til læringsutbytte, fagleg nivå og innhald. Fagskulen har revidert studieplanen i tråd med komiteen sine merknader, og den reviderte studieplanen er godkjent av sakkunnig komité. På dette grunnlaget legg fagskulen fram saka for styret med tilråding om akkreditering av utdanninga.

Torbjørn Mjelstad
rektorInger Karine Kårdal Kversøy
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Studieplan Solenergi, lagring og nettintegrasjon
- 2 Skjema sakkunnig komite

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fagskulen Vestland har, innanfor akkreditert fagområde, utvikla ei ny fagskuleutdanning retta mot kompetanse innan solenergi, energilagring og nettintegrerte energisystem. Utdanninga er utvikla for å møte behov i arbeidslivet for yrkesretta kompetanse knytt til planlegging, installasjon, vurdering og drift av solcellebaserte energiløysingar.

I samsvar med fagskulelova og fagskuletilsynsforskrifta vart det oppretta ei prosjektgruppe som har utarbeidd studieplan for utdanninga. Studieplanen vart deretter vurdert av sakkunnig komité gjennom ei formell, fagleg og pedagogisk vurdering.

Sakkunnig komité har bestått av:

Per Høyum-Eriksen – utdanning innan elkraft (bachelor) og fysikk/elektronikk/måleteknikk (master), samt nyare formell kompetanse innan fornybar energi (30 stp, UiA) og installasjon av solcelleanlegg (2025). Vedkommande har lang erfaring med kraftforsyning og nett, samt undervisning i distribusjon, kraftproduksjon, elektriske system og installasjonsfag ved fagskule. Kompetansen er særleg relevant for solenergi, nettintegrasjon og systemforståing.

Arve Løktun – utdanna elektrisk med teknisk fagskule, el-installasør- og EKOM-autorisasjon, samt formell kompetanse innan sol- og vindkraft (10 stp). Vedkommande har omfattande praksis som prosjektleiar for større elektroprosjekt, inkludert solenergi, og som fagleg ansvarleg i Forsvarsbygg. Har sidan 2023 undervist i elkraft og automasjon/reguleringsteknikk ved teknisk fagskule. Kompetansen er særleg relevant for solenergisystem, lagring, installasjon og praktisk nettintegrasjon.

Utdanninga

Utdanninga Solenergi, lagring og nettintegrasjon er ei fagskuleutdanning på 30 studiepoeng, plassert på NKR nivå 5.1. Utdanninga gir studentane yrkesretta kompetanse innan solkraft, energilagring og nettintegrasjon, og er retta mot relevante yrkesroller i energibransjen.

Utdanninga er organisert som deltidsstudium og vert tilbydd som nettbasert utdanning med samlingar. Studieplanen er bygd opp av modular som samla bidreg til at studentane kan oppnå det overordna læringsutbyttet.

Læringsutbytte

Læringsutbyttet er utforma i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring, nivå 5.1, og er delt i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse. Etter fullført utdanning har studenten kompetanse som kan takast i bruk direkte i arbeidslivet, utan behov for ytterlegare formell opplæring.

Læringsutbytte for utdanninga

Kunnskap

Studenten:

- har kunnskap om grunnprinsipp for solenergi, solceller og verkemåte.
- har kunnskap om energilagring, fleksibilitet og distribuerte energisystem, med fokus på solcelleinstallasjonar.

- har kunnskap om tekniske og regulatoriske utfordringar knytt til systemstabilitet, spenningskvalitet og nettintegrasjon av solcelleinstallasjonar.
- har kunnskap om energimarknader, insentivordningar og relevante regelverk for lokal og nasjonal energistyring med hovudvekt på solcelleinstallasjonar.
- har kunnskap om bruk av maskinlæring/KI for overvaking, styring og vedlikehald av energisystem med relevans for solcelleinstallasjonar.
- har kunnskap om digital tryggleik og tiltak mot digitale truslar i operasjonelle energisystem med fokus på solcelleinstallasjonar.
- har kunnskap om relevante lover, forskrifter og normer innanfor solcelleenergi.

Ferdigheiter

Studenten:

- kan bruke fagleg kunnskap til å bidra i planlegging av enkle solcelle- og batterisystem i tråd med gjeldande regelverk.
- kan motta, tolke og bruke relevant regelverk og teknisk dokumentasjon.
- kan utføre enkle vurderingar av kvalitet og sikkerheit i installasjonsprosjekt.
- kan ta i bruk digitale verktøy og maskinlæring/KI for enkel simulering, overvaking og feilsøking, styring og vedlikehald av solcelleanlegg.
- kan identifisere behov for tiltak relatert til økonomi, berekraft eller teknisk løysing.
- kan gjennomføre grunnleggande målingar og visuell inspeksjon av solcelleanlegg under rettleiing.

Generell kompetanse

Studenten:

- kan ta del i planlegginga av prosjekt knytt til framtidsretta energiløysingar med solcelleanlegg i tverrfaglege og praktiske kontekstar.
- kan ta del i tverrfaglege arbeidsprosessar i prosjekt knytt til solenergi.
- kan kommunisere faglege vurderingar, problemstillingar og løysingar om solcelleanlegg på ein forståeleg måte til kollegaer, brukarar og andre aktørar.
- kan reflektere over berekraft, sikkerheit og kvalitet ved ulike energiløysingar innanfor solenergi.
- kan oppdatere kompetansen sin i takt med teknologisk utvikling innanfor solenergi.
- kan bygge relasjonar med fagfellar på tvers av fag innan prosjektering av solcelleanlegg.

Opptaksgrunnlag

Opptak til utdanninga skjer på grunnlag av relevant fagbrev innan elektro- og energifag, eller tilsvarande realkompetanse i tråd med fagskulelova § 16 og fagskuleforskrifta § 7.

Fagbrev som kvalifiserer til opptak er:

- Automatiseringsfaget
- Avionikarfaget
- Dataelektronikarfaget
- Elektrikarfaget
- Elektroreparatørfaget
- Energimontørfaget
- Energioperatørfaget
- Heismontørfaget
- Maritim elektrikarfaget vg3 i bedrift
- Produksjonselektronikarfaget
- Signalmontørfaget
- Tavlemontørfaget
- Viklarfaget
- Kulde- og varmepumpemontørfaget
- Viklar- og transformatormontørfaget

Organisering

Utdanninga er bygd opp av modular i samsvar med studieplanen og har eit samla omfang på 30 studiepoeng. Undervisninga er organisert som nettbasert undervisning med samlingar, og vurdering skjer gjennom arbeidskrav og vurderingsformer som er tilpassa læringsutbyttet i dei enkelte modulane.

Emnenamn	Studiepoeng
Modul 1: Innføring i solenergi, energilagring og aktuelle regelverk	10
Modul 2: Installasjon, styring, KI og vedlikehald	10
Modul 3: Distribuerte energisystem, nettintegrasjon og systemutfordringar	10
Totalt	30 stp

Utdanningsform og tal samlingar

Utdanningsform

Utdanninga vert tilbydd som nettbasert med samlingar.

Samlingar

Kvar modul på 10 studiepoeng har 16 timar stadbasert undervisning, som vanlegvis tilsvarar 2 samlingar à 8 timar per modul. Med tre modular gir dette seks samlingar totalt for heile utdanninga.

Studiestad

Førde.

Vedtakskompetanse

Fagskulen Vestland har akkreditering for fagområdet og kan sjølv akkreditere nye fagskuleutdanningar innanfor området, jf. fagskuleforskrifta § 48 tredje ledd. Styret fastset studieplanen og avgjer korleis utdanninga skal gjennomførast, jf. fagskulelova § 17 første ledd.

Konklusjon

Rektor tilrår at styret akkrediterer utdanninga «Solenergi, lagring og nettintegrasjon», 30 studiepoeng, som ei ny fagskuleutdanning ved Fagskulen Vestland, med utdanningsform nettbasert med samlingar.

Solenergi, lagring og nettintegrasjon

Fagområde

Solenergi

Studiestad

Førde

Studiepoeng

30

Studieform

Deltid

Studienivå

Høgare yrkesfagleg utdanning, nivå 5.1

Undervisningssemestre

2026 Vår

2026 Haust

Om studiet

Studiet i solenergi, lagring og nettintegrasjon gir ei fagleg og praktisk innføring i framtidsretta energiløysingar basert på solenergi.

Gjennom tre modular får studentane kompetanse innan planlegging, installasjon og optimalisering av moderne energisystem med fokus på solenergi, installasjon, energilagring og nettintegrasjon. Modulane kan takast samla eller enkeltvis.

Dette studiet gir kompetanse innan planlegging og montering av solcelleanlegg, men det gir ikkje elektroautorisasjon. Alt arbeid på elektriske anlegg må utførast av ein registrert elvirksomhet med fagleg ansvarleg installatør og kvalifisert elektrofagarbeidar.

Modul 1: Innføring i solenergi, energilagring og aktuelle regelverk

Modulen gir ei innføring i solenergi, solcelleteknologi og energisystem med fokus på prinsipp, produksjon, verknadsgrad, berekningar, spenningskvalitet, lagring, batterianlegg, alternative energibærarar i ulike typer energisystem. Studentane får ei innføring i aktuelle byggetekniske krav med vekt på konstruksjonskrav, fuktsikkerheit og brannkrav og innsikt i gjeldande regelverk, standardar og støtteordningar.

Modul 2: Installasjon, styring, KI og vedlikehald har fokus på installasjon av solcelleanlegg med batterilagring. Studentane utviklar kompetanse i designprosessar, dimensjonering, komponentval, installasjon, konfigurasjon og nettilknytning. Det vert lagt vekt på bruk av digitale verktøy og kunstig intelligens for drift for overvaking, optimalisering og vedlikehald av solkraftsystem, samt ivaretaking av sikkerheit, regelverk og tekniske krav.

Modul 3: Distribuerte energisystem, nettintegrasjon og systemutfordringar

Modulen gir innsikt i utfordringar og problemstillingar med nettilkopling, spenningskvalitet, framtidsretta teknologi, tilknytingsvilkår, digital sikkerheit, relevante regelverk og kva krav som gjeld for nettilknytning, energilagring og frekvensstyring med særleg fokus på solcelleanlegg og deira påverknad på elektrisitetsnettet.

Studentane får kjennskap til framtidsretta teknologi, maskinlæring og kunstig intelligens for overvaking, styring, optimalisering, prediktivt vedlikehald, regulering av spenning og frekvens i distribuerte energisystem. Det blir også gitt ei innføring i fleksibilitetsmarknader og energipricing, inkludert tariffsystem som effekt- og spotprisar, styring basert på prissignal og prognosar.

Samarbeidspartnarane

Utdanninga er utvikla i samarbeid med fleire aktørar som dekker heile verdikjeda frå prosjektering, installasjon, drift og nettintegrasjon:

- **Bluetec AS** – solcelleinstallasjonar i privat- og næringsmarknaden
- **Linja AS** – nettintegrasjon, spenningskvalitet og driftsutfordringar
- **Pixii AS** – energilagring, batteriteknologi og styringssystem

Bedrifter med samarbeidsavtale:

- Pixii AS utviklar innovative energilagringssystem basert på modular teknologi og strenge kvalitetssikringar. Dei er forankra i norsk ingeniørkunst, men driv internasjonalt, med fokus på sikre, GDPR-kompatible løysingar og berekraftig drift.
- Linja AS er nettselskap frå Askvoll i sør til Ålesund i nord og fører fram straum til 170.000 innbyggjarar.
- Bluetec AS jobbar med energirådgjeving, prosjektering og fagleg utføring av solcelleanlegg til privat- og næringskundar.

I tillegg har vi samarbeid med kompetansesentera Inviro på Nordfjordeid og Sogn kompetanse, som jobbar tett på denne bransjen og også driftar lokale studiesenter.

Inviro står også bak utviklinga av eit smarthus som fungerer som opplærings- og utprøvingsarena for elevar, studentar og næringsliv.

Vi har også knytt til oss NHO Elektro (Nelfo).

Solenergi og FNs berekraftsmål

Solenergi er ein sentral del av omstillinga til eit meir berekraftig energisystem og treffer fleire av FNs berekraftsmål.

Særleg bidreg solenergiteknologi til Mål 7 – Rein energi for alle gjennom å levere fornybar, utsleppsfri og stadig meir tilgjengeleg energi. Ved å erstatte fossile energikjelder med solkraft støttar sektoren òg Mål 13 – Stoppe klimaendringane, sidan solenergi reduserer klimagassutslepp og legg til rette for eit lågutsleppssamfunn. Vidare styrkar solenergi Mål 9 – Industri, innovasjon og infrastruktur gjennom utvikling av ny teknologi innan energilagring, smartstyring, automatisering og digitalisering. Integrering av solcelleløyningar i bygg og lokalsamfunn bidreg også til Mål 11 – Berekraftige byar og lokalsamfunn ved å auke lokal energisikkerheit og redusere belastninga på straumnett. Den veksande solenergibransjen skapar nye arbeidsplassar og kompetansebehov, noko som støttar Mål 8 – Anstendig arbeid og økonomisk vekst.

Læringsutbyte

Læringsutbytteskildringane viser det kandidatane skal kunne etter fullført utdanning i form av kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.

Kunnskap

- Har kunnskap om grunnprinsipper for solenergi, solceller og virkemåte.
- Har kunnskap om energilagring, fleksibilitet og distribuerte energisystem, med fokus på solcelleinstallasjonar.

- Har kunnskap om tekniske og regulatoriske utfordringar knytt til systemstabilitet, spenningskvalitet og nettintegrasjon av solcelleinstallasjonar.
- Har kunnskap om energimarknader, insentivordningar og relevante regelverk for lokal og nasjonal energistyring med hovudvekt på solcelleinstallasjonar.
- Har kunnskap om bruk av maskinlæring/KI for overvaking, styring og vedlikehald av energisystem med relevans for solcelleinstallasjonar.
- Har kunnskap om digital tryggleik og tiltak mot digitale truslar i operasjonelle energisystem med fokus på solcelleinstallasjonar.
- Har kunnskap om relevante lover, forskrifter og normer innanfor solcelleenergi.

Ferdigheiter

- kan bruke fagleg kunnskap til å bidra i planlegging av enkle solcelle- og batterisystem i tråd med gjeldande regelverk.
- kan motta, tolke og bruke relevant regelverk og teknisk dokumentasjon.
- kan utføre enkle vurderingar av kvalitet og sikkerheit i installasjonsprosjekt.
- kan ta i bruk digitale verktøy og maskinlæring/KI for enkel simulering, overvaking og feilsøking, styring og vedlikehald av solcelleanlegg.
- kan identifisere behov for tiltak relatert til økonomi, berekraft eller teknisk løysing.
- kan gjennomføre grunnleggande målingar og visuell inspeksjon av solcelleanlegg under rettleiing.

Generell kompetanse

- Kan ta del i planlegginga av prosjekt knytt til framtidsretta energiløysingar med solcelleanlegg i tverrfaglege og praktiske kontekstar.
- kan ta del i tverrfaglege arbeidsprosessar i prosjekt knytt til solenergi
- kan kommunisere faglege vurderingar, problemstillingar og løysingar om solcelleanlegg på ein forståeleg måte til kollegaer, brukarar og andre aktørar
- kan reflektere over berekraft, sikkerheit og kvalitet ved ulike energiløysingar innanfor solenergi.
- kan oppdatere kompetansen sin i takt med teknologisk utvikling innanfor solenergi.
- Kan bygge relasjonar med fagfeller på tvers av fag innan prosjektering av solcelleanlegg.

Opptak

Opptak

Opptak av studentar til Fagskulen Vestland skjer gjennom Samordna opptak: www.samordnaopptak.no

Formelle opptakskrav

Det generelle grunnlaget for opptak til studium ved Fagskulen Vestland er anten relevant fag- eller sveinebrev eller treårig yrkesfagleg opplæring. Søkarar som kan dokumentere at dei skal ta fagprøva etter søknadsfristen, kan få opptak på vilkår av at fagprøva vert bestått.

Dette er fagbrev, sveinebrev og yrkeskompetanse i Kunnskapsløftet. Tilsvarande fagbrev etter eldre nemningar vil også kvalifisere til opptak.

Fagbrev som kvalifiserer til opptak

Elektro og datateknologi

- Automatiseringsfaget
- Avionikarfaget
- Dataelektronikarfaget
- Elektrikarfaget
- Elektroreparatørfaget
- Energimontørfaget
- Energioperatørfaget
- Heismontørfaget
- Maritim elektrikarfaget vg3 i bedrift
- Produksjonselektronikarfaget
- Signalmontørfaget
- Tavlemontørfaget
- Viklarfaget
- Kulde- og varmepumpemontørfaget
- Viklar- og transformatormontørfaget

Opptak på grunnlag av realkompetansevurdering

Søkarar som ikkje fyller dei generelle opptakskrava, og som har fylt 23 år, kan søke om opptak på grunnlag av realkompetanse.

Realkompetanse er all den kompetansen ein person har skaffa seg gjennom utdanning, praktisk yrkeserfaring og deltaking i organisasjonar m.m.

Sjå Forskrift om opptak ved Fagskulen Vestland, 2022, §2 på www.lovddata.no for utfyllande informasjon om opptak.

Organisering av studiet

Studiet er bygd opp av tre modular. Modulane kan ein ta samla eller kvar for seg. Kvar modul blir tildelt 10 studiepoeng etter den relative vekta det har i arbeidsbelastning for studentane og læringsutbytte innanfor studiet.

Studiet blir gjennomført på deltid.

Tekniske forutsetninger

- Adgang til eigen datamaskin med operativsystem Windows.
- Tilgang til Office 365 (blir tildelt av skulen).
- Datamaskina må ha: Innebygd eller eksternt videokamera og hodedtelefonar med støyreducerande mikrofon.
- Studenten må sjølv sørge for: Stabilt internett med minimum hastigheit tilsvarande mobilt nettverk 4G og teknisk bistand til eigen PC

Digital kompetanse

- Kunne identifisere, lokalisere, hente, lagre, organisere og analysere digital informasjon.
- Kunne dele ressursar, knyte kontakt og samarbeide via digitale verktøy.
- Meistre grunnleggjande tekstbehandling og presentasjonsverktøy.
- Kunne identifisere digitale behov og ressursar for å oppdatere eigen og andre si kompetanse.

- Ivareta personleg integritet og datasikkerheit.
- Ha kjennskap til rettar, lisensar og vern av egne data for sikker og berekraftig bruk.

Arbeidsmengde i Solenergi, lagring og nettintegrasjon

EMNEBESKRIVELSE	EIGENSTYRT AKTIVITET	LÆRARSTYRTE AKTIVITETAR UTANOM SAMLINGAR	TIMEPLANFESTA TIMER	SUM
Modul 1 Innføring i solenergi, energilagring og aktuelle regelverk	150	50	46	246
Modul 2 Installasjon, styring, KI og vedlikehald	150	50	46	246
Modul 3 Distribuerte energisystem, nettintegrasjon og systemutfordringar	150	50	46	246
Sum	450	150	138	738

Solenergi, lagring og nettintegrasjon

Fagområde: Solenergi

Studieprogram: [Solenergi, lagring og nettintegrasjon](#)

Studiemodelltype

[Fleksibel](#)

Studieform: [Deltid](#)

Studiemodell:

EMNE	TYPE	POENG	POENG	SUM
Modul 1 Innføring i solenergi, energilagring og aktuelle regelverk		10		10
Modul 2 Installasjon, styring, KI og vedlikehald			10	10
Modul 3 Distribuerte energisystem, nettintegrasjon og systemutfordringar			10	10
Sum		10	20	30

Studiemodellansvarlig: Marianne Kvalvik

Forfattarar: Marianne Kvalvik

Publiseringsvalg

Tilgjengelig på nynorsk

Arbeidsflyt studiemodell

Læringsformer

Fagskulen i Vestland legg til rette for læringsformer som gjer det mogleg for studentane å ta i bruk og vidareutvikle den kompetansen dei tileignar seg i studiet.

Eit *emne* er den minste eininga som blir vurdert med karakter, i tråd med praksis i anna tertiærutdanning.

Til kvart emne skal det utarbeidast obligatoriske læringsaktivitetar (OLA) som må gjennomførast for å kunne få karakter i emnet.

Tverrfaglege problemstillingar er vanlege i arbeidslivet, og blir derfor eit viktig element i utdanninga. Arbeid med slike problemstillingar vil vere sentralt i studiet og bidra til å styrke forståinga av heilskapen i faga.

Undervisningsformer

Arbeidsformene skal vere relevante og føremålstenlege i tråd med læringsutbytteskildringane for utdanninga. Dette inneberer at studentane, i tillegg til fagleg utvikling, òg skal utvikle evna til sjølvstendig arbeid, kommunikasjon, samarbeid og praktisk yrkesutøving. Studentane skal vidare utvikle evna til å sjå teknologien i eit breiare samfunns- og miljøperspektiv og kunne gjennomføre etiske refleksjonar.

Studentane har praktisk erfaring innan eigne fagområde, noko som gir høve til å legge til rette for erfaringsbaserte læringsformer. Variasjon i val av læringsmetodar er nødvendig for å oppnå ein heilskapleg kompetanse som omfattar både kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse. Prosjekt gir gode moglegheiter for opne problemstillingar som utfordrar studentane til å søkje gode, fagleg forsvarlege løysingar, der kreativitet og samarbeid vert styrkte. Samtidig får rettleiing ein naturleg plass i gjennomføringa av prosjekta.

Gjennom pedagogisk leiing skal studentane motiverast til sjølvstende og aktiv refleksjon over eigen læringsprosess. Det vert føresett at studentane tek initiativ og ansvar for eiga læring og det felles læringsmiljøet.

Undervisninga kan vere synkron og asynkron, gruppearbeid, rettleiing, laboratoriearbeid og sjølvstudium.

Læringsressursar kan inkludere bøker, dokumentasjon, lenker til nettsider, opplæringsfilmar m.m.

Vurdering

Utgangspunktet for all vurdering er læringsutbytteskildringane, både på overordna nivå og på emnenivå.

Vurderingsform kjem an på formålet med vurderinga og kan variere mellom ulike emne og studieforløp.

Vurderingsuttrykket A til F, eller Bestått/Ikkje bestått, vert nytta.

I emna er det fastsett ulike obligatoriske obligatoriske læringsaktivitetar (OLA) som studenten må gjennomføre for å kunne få sluttvurdering.

Kva type vurdering og kva obligatoriske læringsaktivitetar (OLA) som vert nytta i dei einskilte emna, går fram av emneoversikta.

Emneinnhold i Solenergi, lagring og nettintegrasjon

EMNEBESKRIVELSE	INNHold	STUDIEPOENG
Modul 1 Innføring i solenergi, energilagring og aktuelle regelverk	Studiet i solenergi, lagring og fleksibilitet gir ei fagleg og praktisk innføring i framtidsretta energiløysingar. Gjennom tre modular får studentane kompetanse innan planlegging, installasjon og optimalisering av moderne energisystem med	10

EMNEBESKRIVELSE	INNHold	STUDIEPOENG
	fokus på solenergi, energilagring og fleksibilitet i elektriske nett. Modulane kan takast samla eller enkeltvis. Dette studiet gir kompetanse innan planlegging og montering av solcelleanlegg, men det gir ikkje elektroautorisasjon. Alt arbeid på elektriske anlegg må utførast av ein registrert elvirkosomhet med fagleg ansvarleg installatør og kvalifisert elektrofagarbeidar. Modul 1: Innføring i solenergi, energilagring og aktuelle regelverk Modulen gir ei innføring i solenergi, energi og aktuelle regelverk. I studiet fokuserast det på teknologi, virkemåte, produksjon, verknadsgrad, berekningar, spenningskvalitet, lagring, batterianlegg, alternative energibærarar i ulike typer energisystem. Studentane får ei innføring i grunnleggjande byggtekniske krav med vekt på konstruksjonskrav, fuktsikkerheit og brannkrav og innsikt i gjeldande regelverk, standardar og støtteordningar.	
Modul 2 Installasjon, styring, KI og vedlikehald	Studiet i solenergi, lagring og nettintegrasjon gir ei fagleg og praktisk innføring i framtidsretta energiløysingar. Gjennom tre modular får studentane kompetanse innan planlegging, installasjon og optimalisering av moderne energisystem med fokus på solenergi, energilagring og fleksibilitet i elektriske nett. Modulane kan takast samla eller enkeltvis. Dette studiet gir kompetanse innan planlegging og montering av solcelleanlegg, men det gir ikkje elektroautorisasjon. Alt arbeid på elektriske anlegg må utførast av ein registrert elvirkosomhet med fagleg ansvarleg installatør og kvalifisert elektrofagarbeidar. Modul 2: Installasjon, styring, KI og vedlikehald har fokus på installasjon, styring, kunstig intelligens og vedlikehald av solkraftsystem. Studentane utviklar kompetanse i designprosessar, dimensjonering, komponentval, installasjon, konfigurasjon og nettilknytning. Det vert lagt vekt på bruk av digitale verktøy og kunstig intelligens for drift, overvaking og optimalisering, samt ivaretaking av sikkerheit, regelverk og byggtekniske krav.	10
Modul 3 Distribuerte energisystem, nettintegrasjon og systemutfordringar	Om studiet Studiet i solenergi, lagring og nettintegrasjon gir ei fagleg og praktisk innføring i framtidsretta energiløysingar. Gjennom tre modular får studentane kompetanse innan planlegging, installasjon og optimalisering av moderne energisystem med	10

EMNEBESKRIVELSE	INNHold	STUDIEPOENG
	fokus på solenergi, energilagring og fleksibilitet i elektriske nett. Modulane kan takast samla eller enkeltvis. Dette studiet gir kompetanse innan planlegging og montering av solcelleanlegg, men det gir ikkje elektroautorisasjon. Alt arbeid på elektriske anlegg må utførast av ein registrert elvirkksomhet med fagleg ansvarleg installatør og kvalifisert elektrofagarbeidar. Modul 3: Distribuerte energisystem, nettintegrasjon og systemutfordringar Modulen gir innsikt i utfordringar og problemstillingar med nettilkopling, spenningskvalitet, framtidsretta teknologi, tilknytingsvilkår, digital sikkerheit, relevante regelverk og kva krav som gjeld for nettilknytning, deling av produksjon, energilagring og frekvensstyring med særleg fokus på solcelleanlegg og deira påverknad på elektrisitetsnettet. Studentane får kjennskap til framtidsretta teknologi, maskinlæring og kunstig intelligens for overvaking, styring, optimalisering, prediktivt vedlikehald, regulering av spenning og frekvens i distribuerte energisystem. Det blir også gitt ei innføring i fleksibilitetsmarknader og energipricing, inkludert tariffsystem som effekt- og spotprisar, styring basert på prissignal og prognosar.	
Sum		30

Litteratur- og utstyrsliste

EMNEBESKRIVELSE	LITTERATUR- OG UTSTYRSLISTE
Modul 1 Innføring i solenergi, energilagring og aktuelle regelverk	
Modul 2 Installasjon, styring, KI og vedlikehald	
Modul 3 Distribuerte energisystem, nettintegrasjon og systemutfordringar	

Modul 1 Innføring i solenergi, energilagring og aktuelle regelverk

Fagområde

Solenergi

Studieprogram

Solenergi, lagring og nettintegrasjon

Studiestad

Førde

Studiepoeng

10

Undervisningssemestre

2026 Vår

Studienivå

Høgare yrkesfagleg utdanning, nivå 5.1

Om emnet

Studiet i solenergi, lagring og fleksibilitet gir ei fagleg og praktisk innføring i framtidsretta energiløysingar. Gjennom tre modular får studentane kompetanse innan planlegging, installasjon og optimalisering av moderne energisystem med fokus på solenergi, energilagring og fleksibilitet i elektriske nett. Modulane kan takast samla eller enkeltvis.

Dette studiet gir kompetanse innan planlegging og montering av solcelleanlegg, men det gir ikkje elektroautorisasjon. Alt arbeid på elektriske anlegg må utførast av ein registrert elvirksomhet med fagleg ansvarleg installatør og kvalifisert elektrofagarbeidar.

Modul 1: Innføring i solenergi, energilagring og aktuelle regelverk

Modulen gir ei innføring i solenergi, energi og aktuelle regelverk. I studiet fokuserast det på teknologi, virkemåte, produksjon, verknadsgrad, berekningar, spenningskvalitet, lagring, batterianlegg, alternative energibærarar i ulike typer energisystem. Studentane får ei innføring i grunnleggjande byggtekniske krav med vekt på konstruksjonskrav, fuktsikkerheit og brannkrav og innsikt i gjeldande regelverk, standardar og støtteordningar.

Læringsutbytte

Kunnskap

Studenten:

- har kunnskap om solcelle som energikilde og dens virkemåte
- har kunnska knytt til produksjon, berekningar, spenningskvalitet, lagring med fokus på solenergi.
- har kunnskap om ulike typar solcelleanlegg, batterisystem, omgrep og prosessar innan solenergi og energilagring.
- har innsikt i relevant regelverk og støtteordningar knytta til solenergi og energilagring.
- har kunnskap om farer og risiko tilknyttet montasje og drift av solkraftanlegg

Ferdigheiter

Studenten:

- kan bruke kunnskap til å kartleggje behov og eigenskapar ved installasjon av solcelleanlegg
- kan finne og bruke relevant fagstoff, standard og regelverk.
- kan vurdere kvalitet på installasjonsprosjekt og vurdere behov for tiltak.
- utføre enkle berekningar for dimensjonering av solcelleanlegg og batteriløysingar.
- kan vurdere farer og risiko tilknyttet montasje og drift av solkraftanlegg

Generell kompetanse

Studenten:

- kan delta i den tverrfaglege planlegginga av prosjekt knytt til solcelleanlegg.
- kan kommunisere faglege problemstillingar og løysingar om solcelleanlegg med både fagpersonar og brukarar.
- kan tilegne seg ny kunnskap og bidra til framtidsretta og bærekraftige energiløysingar innanfor solenergi.
- kan utføre arbeid på ein trygg og forsvarleg måte, med omsyn til HMS og gjeldande regelverk.
- samarbeide i tverrfaglege grupper og forstå eigen rolle i prosjekt.

Undervisningsformer og aktivitetar

Læringsformer

Fagskulen i Vestland legg til rette for læringsformer som gjer det mogleg for studentane å ta i bruk og vidareutvikle den kompetansen dei tileignar seg i studiet.

Eit *emne* er den minste eininga som blir vurdert med karakter, i tråd med praksis i annan tertiærutdanning.

Til kvart emne skal det utarbeidast obligatoriske læringsaktivitetar (OLA) som må gjennomførast for å kunne få karakter i emnet.

Tverrfaglege problemstillingar er vanlege i arbeidslivet, og blir derfor eit viktig element i utdanninga. Arbeid med slike problemstillingar vil vere sentralt i studiet og bidra til å styrke forståinga av heilskapen i faga.

Undervisningsformer

Arbeidsformene skal vere relevante og føremålstenlege i tråd med læringsutbytteskildringane for utdanninga. Dette inneberer at studentane, i tillegg til fagleg utvikling, òg skal utvikle evna til sjølvstendig arbeid, kommunikasjon, samarbeid og praktisk yrkesutøving. Studentane skal vidare utvikle evna til å sjå teknologien i eit breiare samfunns- og miljøperspektiv og kunne gjennomføre etiske refleksjonar.

Studentane har praktisk erfaring innan eigne fagområde, noko som gir høve til å legge til rette for erfaringsbaserte læringsformer. Variasjon i val av læringsmetodar er nødvendig for å oppnå ein heilskapleg kompetanse som omfattar både kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse. Prosjekt gir gode moglegheiter for opne problemstillingar som utfordrar studentane til å søkje gode, fagleg forsvarlege løysingar, der kreativitet og samarbeid vert styrkte. Samtidig får rettleiing ein naturleg plass i gjennomføringa av prosjekta.

Gjennom pedagogisk leiing skal studentane motiverast til sjølvstende og aktiv refleksjon over eigen læringsprosess. Det vert føresett at studentane tek initiativ og ansvar for eiga læring og det felles læringsmiljøet.

Undervisninga kan vere synkron og asynkron, gruppearbeid, rettleiing, laboratoriearbeid og sjølvstudium.

Læringsressursar kan inkludere bøker, dokumentasjon, lenker til nettsider, opplæringsfilmar m.m.

Arbeidsinnsats

Organisering av studiet

Studiet er bygd opp av tre modular. Modulane kan ein ta samla eller kvar for seg. Kvar modul blir tildelt 10 studiepoeng etter den relative vekta det har i arbeidsbelastning for studentane og læringsutbytte innanfor studiet. Studiet blir gjennomført på deltid.

Arbeidsmengde

Timebelastninga for eit studium på 10 studiepoeng er 246 timar per studium. Det inkluderer all lærarstyrkt rettleiing/undervisning, praksis og berekna eigearbeid for studentane.

Det er lagt opp til 46 undervisningstimar, der 16 timar er stadbasert og 30 timar nettbasert og i tillegg 150 timar sjølvstudium og 50 timar gruppearbeid.

Læringsplattform

Microsoft Teams er hovudplattformen vi bruker i studiet. Her får studentane tilgang til læringsstoff, oppgåver og prosjekt, og dei kan få rettleiing både individuelt og i gruppe. Teams blir òg brukt til chat, deling av dokument og kommunikasjon gjennom møte, både med og utan video.

Obligatoriske læringsaktivitetar (OLA) blir levert i Wiseflow, og studentane får tilbakemeldingar der.

Arbeidsmengde

AKTIVITET	AKTIVITETSDETALJER	VARIGHET	STUDIEFORM	KOMMENTAR
Timeplanfesta timer		46 Tima(r)	Deltid	
Eigenstyrt aktivitet		150 Tima(r)	Deltid	
Lærarstyrte aktivitetar utanom samlingar		50 Tima(r)	Deltid	

Obligatoriske læringsaktivitetar

Fagskulen Vestland nyttar obligatoriske læringsaktivitetar (OLA) i dei fleste emna. Føremålet med OLA er å sikre progresjonen i læringa og ein jamn arbeidsinnsats gjennom studiet. OLA inngår i den formative delen av læreprosessen.

OLA kan bestå av ulike læringsaktivitetar og kan vere individuelle eller i gruppe. Dei mest vanlege er innleveringar, munnlege framlegg/presentasjonar, refleksjonsnotat og medstudentvurdering av refleksjonsnotat.

Faglærer vurderer OLA. For å få sluttvurdering må studenten ha utført dei OLA som vert kravd i emnet og alle OLA må vere godkjende.

Dersom studenten ikkje har levert OLA innan fristen for innlevering, vert OLA ikkje godkjent.

Godkjente obligatoriske læringsaktivitetar (OLA) er gyldige i to semester etter godkjenninga, med mindre emneplanen fastset ein annan gyldigheitsperiode under.

NAMN	KRAV	KOMMENTAR
	Skriftleg innlevering Påkrevde: 2	

Vurdering

Alle obligatoriske læringsaktiviteter må vere godkjente for å få vurdering.

Vurderingsuttrykket A til F, eller Bestått/Ikkje bestått, vert nytta.

VURDERINGSFORM	PRAKTISK INFO	HJELPEMIDDEL	KOMMENTAR
Vurderingsform Mappevurdering Karakterskala A-F			

Alle studieprogram som bruker dette emnet

- [Solenergi, lagring og nettintegrasjon](#)

Emneansvarleg

Marianne Kvalvik

Modul 2 Installasjon, styring, KI og vedlikehald

Fagområde

Solenergi

Studieprogram

Solenergi, lagring og nettintegrasjon

Studiestad

Førde

Studiepoeng

10

Undervisningssemestre

2026 Haust

Studienivå

Høgare yrkesfagleg utdanning, nivå 5.1

Om emnet

Studiet i solenergi, lagring og nettintegrasjon gir ei fagleg og praktisk innføring i framtidsretta energiløysingar. Gjennom tre modular får studentane kompetanse innan planlegging, installasjon og optimalisering av moderne energisystem med fokus på solenergi, energilagring og fleksibilitet i elektriske nett. Modulane kan takast samla eller enkeltvis.

Dette studiet gir kompetanse innan planlegging og montering av solcelleanlegg, men det gir ikkje elektroautorisasjon. Alt arbeid på elektriske anlegg må utførast av ein registrert elvirksomhet med fagleg ansvarleg installatør og kvalifisert elektrofagarbeidar.

Modul 2: Installasjon, styring, KI og vedlikehald har fokus på installasjon, styring, kunstig intelligens og vedlikehald av solkraftsystem. Studentane utviklar kompetanse i designprosessar, dimensjonering, komponentval,

installasjon, konfigurasjon og nettilknytning. Det vert lagt vekt på bruk av digitale verktøy og kunstig intelligens for drift, overvaking og optimalisering, samt ivaretaking av sikkerheit, regelverk og byggtekniske krav.

Læringsutbytte

Kunnskap

Studenten:

- har kunnskap om korleis solcelleanlegg med energilagring er bygde opp og fungerer.
- har kunnskap om komponentar, energilagring, nettutnytting og dimensjonering ved installasjon av solkraftproduksjon med lagring.
- har kunnskap om korleis digitalisering, automatisering og kunstig intelligens kan brukast i drift og overvaking av solcelleanlegg.
- har kunnskap om relevant regelverk, standardar, avtalar og tryggleiksrutinar for installasjon og drift.
- har kunnskap om berekraftige løysingar, miljøpåverknad og krav til kvalitet og dokumentasjon.
- har kunnskap om ulike typar energilagring og bruksområder.

Ferdigheiter

Studenten:

- kan anvende kunnskap til å installere og konfigurere solcelleanlegg med lagring.
- kan nytte digitale verktøy og KI for drift og overvaking av solcelleanlegg med lagring.
- kan hente inn, tolke og vurdere fagstoff, tekniske data og dokumentasjon.
- kan kartleggje ein situasjon, identifisere behov og foreslå praktiske tiltak.
- kan utføre grunnleggjande feilsøking og foreslå tiltak for trygg og effektiv drift.
- vurdere risiko, bruke relevante verne tiltak og følgje HMS-rutinar.

Generell kompetanse

Studenten:

- kan delta i planlegginga og gjennomføre arbeidsoppgåver i prosjekt innan installasjon og drift av solcellesystem.
- kan vurdere berekraft, økonomi, tryggleik og etikk i val av tekniske løysingar.
- kan bygge relasjonar og kommunisere faglege problemstillingar og løysingar om solkraftproduksjon med lagring til både fagpersonar og brukarar.
- kan vere med å utvikle arbeidsmetodar, produkt og/eller tenester for effektiv drift og vedlikehald av solkraftproduksjon med lagring.
- har forståelse for byggteknisk tverrfaglighet og kan bygge relasjonar med fagfeller på tvers av fag ved montering av solkraftanlegg.
- kan vurdere kvalitet og utføre arbeid i tråd med gjeldende standarder, lover og forskrifter.
- kan foreta en inspeksjon av solcelleanlegg og vurdere kvalitet og foreslå tiltak

Undervisningsformar og aktivitetar

Læringsformer

Fagskulen i Vestland legg til rette for læringsformer som gjer det mogleg for studentane å ta i bruk og vidareutvikle den kompetansen dei tileignar seg i studiet.

Eit *emne* er den minste eininga som blir vurdert med karakter, i tråd med praksis i annan tertiærutdanning.

Til kvart emne skal det utarbeidast obligatoriske læringsaktivitetar (OLA) som må gjennomførast for å kunne få karakter i emnet.

Tverrfaglege problemstillingar er vanlege i arbeidslivet, og blir derfor eit viktig element i utdanninga. Arbeid med slike problemstillingar vil vere sentralt i studiet og bidra til å styrke forståinga av heilskapen i faga.

Undervisningsformer

Arbeidsformene skal vere relevante og føremålstenlege i tråd med læringsutbytteskildringane for utdanninga. Dette inneberer at studentane, i tillegg til fagleg utvikling, òg skal utvikle evna til sjølvstendig arbeid, kommunikasjon, samarbeid og praktisk yrkesutøving. Studentane skal vidare utvikle evna til å sjå teknologien i eit breiare samfunns- og miljøperspektiv og kunne gjennomføre etiske refleksjonar.

Studentane har praktisk erfaring innan eigne fagområde, noko som gir høve til å legge til rette for erfaringsbaserte læringsformer. Variasjon i val av læringsmetodar er nødvendig for å oppnå ein heilskapleg kompetanse som omfattar både kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse. Prosjekt gir gode moglegheiter for opne problemstillingar som utfordrar studentane til å søkje gode, fagleg forsvarlege løysingar, der kreativitet og samarbeid vert styrkte. Samtidig får rettleiing ein naturleg plass i gjennomføringa av prosjekta.

Gjennom pedagogisk leiing skal studentane motiverast til sjølvstende og aktiv refleksjon over eigen læringsprosess. Det vert føresett at studentane tek initiativ og ansvar for eiga læring og det felles læringsmiljøet.

Undervisninga kan vere synkron og asynkron, gruppearbeid, rettleiing, laboratoriearbeid og sjølvstudium.

Læringsressursar kan inkludere bøker, dokumentasjon, lenker til nettsider, opplæringsfilmar m.m.

Arbeidsinnsats

Organisering av studiet

Studiet er bygd opp av tre modular. Modulane kan ein ta samla eller kvar for seg. Kvar modul blir tildelt 10 studiepoeng etter den relative vekten det har i arbeidsbelastning for studentane og læringsutbytte innanfor studiet. Studiet blir gjennomført på deltid.

Arbeidsmengde

Timebelastninga for eit studium på 10 studiepoeng er 246 timar per studium. Det inkluderer all lærarstyrt rettleiing/undervisning, praksis og berekna eigearbeid for studentane.

Det er lagt opp til 46 undervisningstimar, der 16 timar er stadbasert og 30 timar nettbasert og i tillegg 150 timar sjølvstudium og 50 timar gruppearbeid.

Læringsplattform

Microsoft Teams er hovudplattformen vi bruker i studiet. Her får studentane tilgang til læringsstoff, oppgåver og prosjekt, og dei kan få rettleiing både individuelt og i gruppe. Teams blir òg brukt til chat, deling av dokument og kommunikasjon gjennom møte, både med og utan video.

Obligatoriske læringsaktivitetar (OLA) blir levert i Wiseflow, og studentane får tilbakemeldingar der.

Arbeidsmengde

AKTIVITET	AKTIVITETSDETALJER	VARIGHET	STUDIEFORM	KOMMENTAR
Timeplanfesta timer		46 Tima(r)	Deltid	
Eigenstyrt aktivitet		150 Tima(r)	Deltid	
Lærarstyrte aktiviteter utanom samlingar		50 Tima(r)	Deltid	

Obligatoriske læringsaktiviteter

Fagskulen Vestland nyttar obligatoriske læringsaktiviteter (OLA) i dei fleste emna. Føremålet med OLA er å sikre progresjonen i læringa og ein jamn arbeidsinnsats gjennom studiet. OLA inngår i den formative delen av læreprosessen.

OLA kan bestå av ulike læringsaktiviteter og kan vere individuelle eller i gruppe. Dei mest vanlege er innleveringar, munnlege framlegg/presentasjonar, refleksjonsnotat og medstudentvurdering av refleksjonsnotat.

Faglærer vurderer OLA. For å få sluttvurdering må studenten ha utført dei OLA som vert kravd i emnet og alle OLA må vere godkjende.

Dersom studenten ikkje har levert OLA innan fristen for innlevering, vert OLA ikkje godkjent.

Godkjente obligatoriske læringsaktiviteter (OLA) er gyldige i to semester etter godkjenninga, med mindre emneplanen fastset ein annan gyldigheitsperiode under.

NAMN	KRAV	KOMMENTAR
	Skriftleg innlevering Påkrevde: 2	

Vurdering

Alle obligatoriske læringsaktiviteter må vere godkjente for å få vurdering.

Vurderingsuttrykket A til F, eller Bestått/Ikkje bestått, vert nytta.

VURDERINGSFORM	PRAKTISK INFO	HJELPEMIDDEL	KOMMENTAR
Vurderingsform Mappevurdering Karakterskala A-F			

Alle studieprogram som bruker dette emnet

- [Solenergi, lagring og nettintegrasjon](#)

Emneansvarleg

Marianne Kvalvik

Modul 3 Distribuerte energisystem, nettintegrasjon og systemutfordringar

Fagområde

Solenergi

Studieprogram

Solenergi, lagring og nettintegrasjon

Stadiestad

Førde

Studiepoeng

10

Undervisningssemestre

2026 Haust

Studienivå

Høgare yrkesfagleg utdanning, nivå 5.1

Om emnet

Om studiet

Studiet i solenergi, lagring og nettintegrasjon gir ei fagleg og praktisk innføring i framtidsretta energiløysingar. Gjennom tre modular får studentane kompetanse innan planlegging, installasjon og optimalisering av moderne energisystem med fokus på solenergi, energilagring og fleksibilitet i elektriske nett. Modulane kan takast samla eller enkeltvis.

Dette studiet gir kompetanse innan planlegging og montering av solcelleanlegg, men det gir ikkje elektroautorisasjon. Alt arbeid på elektriske anlegg må utførast av ein registrert elvirksomhet med fagleg ansvarleg installatør og kvalifisert elektrofagarbeidar.

Modul 3: Distribuerte energisystem, nettintegrasjon og systemutfordringar

Modulen gir innsikt i utfordringar og problemstillingar med nettilkopling, spenningskvalitet, framtidsretta teknologi, tilknytingsvilkår, digital sikkerheit, relevante regelverk og kva krav som gjeld for nettilknytning, deling av produksjon, energilagring og frekvensstyring med særleg fokus på solcelleanlegg og deira påverknad på elektrisitetsnettet.

Studentane får kjennskap til framtidsretta teknologi, maskinlæring og kunstig intelligens for overvaking, styring, optimalisering, prediktivt vedlikehald, regulering av spenning og frekvens i distribuerte energisystem. Det blir også gitt ei innføring i fleksibilitetsmarknader og energiprisering, inkludert tariffsystem som effekt- og spotprisar, styring basert på prissignal og prognosar.

Læringsutbytte

Kunnskap

Studenten:

- har grunnleggjande kunnskap om korleis solcelleanlegg påverkar straumnett, inkludert spenningskvalitet og systemstabilitet.
- har kjennskap til regelverk som gjeld for nettilkopling, produksjonsdeling, energilagring og sikker drift av solcelleanlegg.
- kjenner til krav og tilknytingsvilkår frå nettselskap ved installasjon av distribuert energiproduksjon.
- har innsikt i korleis maskinlæring og enkel kunstig intelligens kan nyttast til overvaking, styring og vedlikehald av energisystem.
- kjenner til fleksibilitetsmarknader, energiprisar, tariffar og korleis desse påverkar drift og optimalisering av solcelleanlegg.
- har kunnskap om relevant regelverk knytta til solcelleinstallasjonar.
- kjenner til digitale truslar og relevante sikringstiltak.

Ferdigheiter

Studenten:

- kan anvende fagleg kunnskap til å vurdere kvalitet på nettintegrerte installasjonsprosjekt og vurdere behov for tiltak.
- kan bruke digitale verktøy med simulering og styring og vedlikehald av nettintegrerte solcelleanlegg.
- kan hente inn fagstoff, teknisk dokumentasjon, datablad og måledatasom er relevant for distribuerte solcelleenergisystem med fokus på lønsemd og berekraft.
